



# MØTEBOK FOR LANDSMØTE

Landsmøtet i Noregs Mållag, 1.-3. april 2022

*Det 102. landsmøtet i Noregs Mållag. Møtestad: Scandic Oslo Airport på Gardermoen*

# Sak 1 Opning og konstituering

## Denne saka gjeld:

- 1.1 Godkjenning av innkalling
  - 1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegner
  - 1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet
  - 1.4 Fastsetjing av sakliste
- Fastsetjing av tidsfristar

Peder Lofnes Hauge opna landsmøtet klokka 9.

Kulturinnslag ved Jakob Alesgård (klarinet og song) og Milkica Radovanovic (piano)

Allsong: Nordmannen (Vising av songen "Nynorskmann" på storskjerm)

Velkommen til Ullensaker v/varaordførar Astrid Solberg (Sp)

Utdeling av Nynorsk barnelitteraturpris 2021 til Tone E. Solheim for "Svarttrasta syng om natta"

Utdeling av Nynorsk litteraturpris 2021 til Stein Torleif Bjella for "Fiskehuset"

## 1.1 Godkjenning av innkalling

Desse hadde ordet:

Peder Lofnes Hauge

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet godkjenner innkallinga.*

---

### **Vedtak:**

**Landsmøtet godkjenner innkallinga.**

---

## 1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegnene

### FRAMLEGG TIL LANDSMØTEFØRESEGNER:

#### § 1

Straks saklista for landsmøtet er godkjend, kjem styret med framlegg om møteplan der tida ein har til rådvelde, er delt mellom sakene som skal drøftast. Det ligg på styret, særleg på møtestyraren, å prøva å halda tidsplanen.

Styret kjem også med framlegg til fristar for levering av endringsframlegg til saker som er oppe til vedtak. Landsmøtet vedtek slike fristar under konstitueringa.

#### § 2

Når landsmøtet er sett, kjem styret med framlegg om fire til seks ordstyrarar eller møtestyrarar, som landsmøtet skal velja. Dessutan:

A Fullmaktsnemnd med ein frå styret eller skrifvarstova og to utsendingar. Representanten frå styret/skrifvarstova kallar nemnda saman. Nemnda vel sjølv leiar. Fullmaktsnemnda skal sjå til at utsendingane er valde i samsvar med § 5.4 og § 5.6 i lov for Noregs Mållag av lag med utsendingsrett

etter denne paragrafen, og at utsendingsfullmaktene er utferda av den som laget har gjeve mynde til dette. Nemnda skal gje landsmøtet melding om arbeidet sitt og tilråding om å godkjenna eller vraka fullmakter.

B Seks møteskrivarar som har ansvaret for at møteboka frå landsmøtet blir rett. Referat frå landsmøtet skal vera ferdig reinskripe frå møteskrivarane si hand og underskrive innan 1. juli.

C Redaksjonsnemnd på fem medlemer med varafolk for andre saker på landsmøtet. Nemnda skal:

- 1) Gå gjennom innkomne framlegg til vedtak og fråsegner.
- 2) Forma framlegg til vedtak og fråsegner etter oppdrag frå landsmøtet.
- 3) Arbeida saman framlegg som går i same lei, helst i samråd med dei som har levert framlegga.
- 4) Levera ei innstilling til landsmøtet der det går fram om nemnda rår landsmøtet til å røysta for eller mot framlegga som er oppe til handsaming.

D Redaksjonsnemnd på fem medlemer for arbeidsprogram.

E Redaksjonsnemnd på fem medlemer for prinsippprogram.

F Røysteteljarar med varafolk.

§ 3 Møtestyrarane deler arbeidet seg imellom. Møtestyraren skal til kvar tid ha ein hjelpar ved styrebordet - så langt råd er, ein av dei valde møtestyrarane. Møtestyrarane skal sjå til at den godkjende møteplanen blir følgd, og skal prøva å fordela tida som er til rådvelde for kvar sak, såleis at alle utsendingar har høve til å leggja fram sitt syn. Ut frå dette skal dei gjera turvande framlegg om nedsett taletid eller strek. Taletida blir fastsett med vanleg fleirtal når ikkje lover eller landsmøteføresegner seier noko anna. Utsendingar kan òg gjera framlegg om avgrensa tid.

§ 4 Møtestyraren kan ikkje vera med i ordskiftet. Vil han vera med i ordskiftet, tek varamøtestyraren over. Møtestyraren kan likevel svara på merknader om møtestyringa.

§ 5 Innlegg til saksførehavinga skal vera stutte, aldri over 1 minutt. Ordskifte om saksførehavinga kan møtestyraren stogga etter 10 minuttar, og skal stogga etter 15 minuttar.

§ 6 Møtestyraren avgjer korleis ein skal be om ordet. Det skal vera høve til føreåt å be om ordet til ei sak eller til einskilde punkt i ei sak.

§ 7 Framlegg skal setjast fram skriftleg. Styret skal sjå til at framlegg blir mangfalda før dei blir tekne opp til avgjerd, så sant det er råd.

§ 8 Møtestyraren eller hjelparen hans fører talarlista. Utanom lista kan landsleiaren eller den han har gjeve mynde til det, og ordskifteinnleiaren få ordet for å svara på spørsmål. Tillitsfolk og tenestefolk skal elles følgja talarlista og fastsett taletid.

§ 9 Taletida er i ordskifta i utgangspunktet 3 minuttar, men kan avgrensast med vanleg fleirtal. Det er høve til å be om replikk. Med det meiner ein ein kort kommentar (maksimum ein minutt) til siste innlegget.

Det er høve til 2 replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til svarreplikk. Dersom det trengst, kan replikkretten avgrensast.

Møtestyraren kan, når det er tid til det, med samtykke frå landsmøtet, gjera unntak frå tidsavgrensinga.

§ 10 Dreg eit ordskifte ut, kan møtestyraren eller utsendingar gjera framlegg om å setja strek for talarlista. Før strek blir sett, må dei som vil koma med framlegg, få gjera desse kjende, og alle som har merknader til framlegg, eller som ynskjer å vera med i ordskiftet, få melda seg til talarlista.

§ 11 Med vanleg fleirtal kan landsmøtet vedta å halda prøverøysting.

§ 12 Ein røystar til vanleg med å syna fastsett røystesetel. Vedtak vert fatta ved vanleg fleirtal, med mindre anna går fram av vedtektene.

Når der er fleire enn to framlegg til vedtak, skal det mest radikale framlegget setjast opp mot det nest mest radikale framlegget. Slik held ein fram til ein står att med eit framlegg som kan setjast opp mot framlegget som ligg til grunn for vedtaket.

Ved røystelikskep skal det røystast på ny. Ved røystelikskep for andre gong vil det framlegget som låg til grunn for røystinga, vinna fram. Ved personval, eller der inkje framlegg ligg til grunn, vert spørsmålet avgjort gjennom lutkast.

Ved personval skal alternative framlegg setjast opp mot ein konkret plass i innstillinga. Personval skal avgjerast ved skriftleg røysting dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller nokon krev skriftleg val. Dersom det er fleire enn to kandidatar til eit verv, må den som vert vald, ha minimum halvparten av røystene. Oppnår ingen av kandidatane halvparten av røystene i fyrste valomgang, fell kandidaten med færrest røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd vanleg fleirtal i siste valrunde.

§ 13 Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal alle tvilsspørsmål om møtestyring der det ikkje er lovfesta eller vedtektsfesta reglar å følgja.

§ 14 Landsmøtet kan fritt gjera avvik frå desse føresegnene.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.*

---

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.**

---

### 1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet

Styret innstiller overfor landsmøtet å velja desse tillitsomboda:

**Ordstyrarar**

Karl Peder Mork (leiar)

Janne Nygård

Vidar Lund

Solgunn Liestøl

Åsmund Ormset

Borghild Løver

**Redaksjonsnemnd for fråsegner, økonomi og innkomne framlegg**

Kjetil Aasen (leiar)

Steinar Dvergsdal

Marianne Granheim Trøyflat

Mona Stormark  
Frida Pernille Mikkelsen (NMU)

#### **Redaksjonsnemnd for arbeidsprogram**

Synnøve Marie Sætre (leiar)  
Fredrik Heimsæter  
Åse Mette Johansen  
Ola Haugen Havrevoll  
Tobias Christensen Eikeland (NMU)

#### **Redaksjonsnemnd for prinsippprogram**

Inger Johanne Sæterbakk (leiar)  
Rasmus Glomsrud  
Erlend Bakke  
Brynhild Marie Foss  
Rasmus Tennø Loe (NMU)

#### **Fullmaktsnemnd**

Ane Landøy (leiar)  
Kristofer Olai Ravn Stavseng  
Sunniva Løviknes

#### **Møteskrivarar**

Eline Bjørke (leiar)  
Monika Waagan  
Olav Helge Øwre  
Øystein Skjæveland  
Nils Ulvund  
Sahra Torsvik

#### **Røysteteljarar**

Aud Søyland, Nord-Aurdal Mållag  
Magne Heide, Troms og Finnmark Mållag  
Magne Aasbrenn, Fredrikstad Mållag  
Ingvild Jøsendal, Odda Mållag

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vel ombod til landsmøtet i tråd med framlegget frå styret.*

---

---

#### **Vedtak:**

**Landsmøtet vel ombod til landsmøtet i tråd med framlegget frå styret.**

---

### 1.4 Fastsetjing av sakliste

Ingen hadde ordet.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.*

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.**

---

### 1.5 Fastsetjing av tidsfristar

Merk at alle framlegg til fråsegner og andre saker skal vera sende inn seinast 2 månader før landsmøtet, jf. § 5.3 i lovene. Om det kjem framlegg etter fristen, må dei godkjennast med vanleg fleirtal av landsmøtet dersom dei skal realitetshandsamast.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Frist for endringsframlegg til prinsippprogram: fredag 30 minutt etter møteslutt.*

*Frist for endringsframlegg til fråsegner, økonomisaker, arbeidsprogram og innkomne framlegg: laurdag 30 minutt etter møteslutt.*

---

**Vedtak:**

**Frist for heilskaplege, nye fråsegner: 11.30 fredag**

**Frist for endringsframlegg til prinsippprogram: fredag 30 minutt etter møteslutt.**

**Frist for endringsframlegg til fråsegner, økonomisaker, arbeidsprogram og innkomne framlegg: laurdag 30 minutt etter møteslutt.**

---

## Sak 2 Leiartalen

**Tale ved leiar Peder Lofnes Hauge.** (Sjå vedlegg)

## SAK 3 Ungdomens tale

**Innleiing ved Frida Pernille Mikkelsen, leiar i Norsk Målungdom og styremedlem i Noregs Mållag. (sjå vedlegg)**

Desse hadde ordet i felles ordskifte etter talane:

- 79 Knut O. Dale, Odda Mållag
- 78 Ingvild Jøsendal, Odda Mållag
- 30 Halvor Tjønn, Bærum Mållag
- 98 Cecilie Solli, Giske Mållag
- 121 Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag
- 70 Erlend Bakke, Hordaland Mållag
- 58 Magne Viggo Høyland, Jæren Mållag
- 105 Monika Haanes Waagan, Herøy Mållag
- 143 Ådne Reidar Nes Kleppe, Norsk Målungdom
- 91 Steinar Dvergsdal, Jølster Mållag
- 144 Dordi Boksasp Lerum, Norsk Målungdom

Møtelyden tok pause frå 11.08 til 11.33

Møtelyden song Ola Tveiten.

Fullmaktsnemnda ved Ane Landøy la fram innstillinga til fullmaktsnemnda.

---

#### **Vedtak:**

**Alle utsendingane får godkjent fullmaktene og har fulle rettar på landsmøtet.**

**Gjest May Britt Jensen får tale- og framleggsrett som kandidat til styret som skal veljast under møtet.**

---

## SAK 4 Årsmelding 2020–2022

**Styremedlem Anders Riise la fram melding om styret sitt arbeid i arbeidsbolken.**

Desse hadde ordet:

- 18 Aud Søyland, Nord-Aurdal Mållag
- 126 Magne Heide, Troms og Finnmark Mållag
- 141 Liv Marit Idsø, Naumdøla Mållag
- 45 Helge Ove Tveiten, Austegdelaget
- 1 Peder Lofnes Hauge, styret
- 23 Jon Låte, Fylkesmållaget Vikværingen
- 123 Øystein Lydik Idsø Viken, Steinkjer Mållag
- 106 Sæmund Helde, Herøy Mållag
- 79 Knut O. Dale, Odda Mållag
- 92 Ingebjørg Røyhus Øyehaug, Sunnmøre Mållag
- 8 Bjørn Seljebotn, styret

- 44 Astrid Myhre, Aust-Agder Mållag  
101 Jostein O. Mo, Ørsta Mållag  
139 Solgunn Liestøl, Noregs Lærarmållag  
70 Erlend Bakke, Hordaland Mållag  
1 Peder Lofnes Hauge, styret

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Årsmelding for 2020–2022 vert godkjend.*

---

---

**Vedtak:**

**Årsmelding for 2020–2022 vert godkjend.**

---

## SAK 5 Rekneskapar for 2020 og 2021

62 Ole Jacob Ravn Ottesen, Sveio Mållag, teikna seg til saksførehavinga

**Dagleg leiar Gro Morken Endresen la fram rekneskapane.**

Ingen hadde ordet.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og Gjøa Lutros legat og Kulturlotteriet vert godkjende.*

---

---

**Vedtak:**

**Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og Gjøa Lutros legat og Kulturlotteriet vert godkjende.**

---



## SAK 6 Fråsegner

Det låg føre fem fråsegner då saksheftet gjekk i trykken.

- 1 **På høg tid med nynorsk i Visit Norway** (fremja av styret)
- 2 **Det må løne seg å skrive på nynorsk** (fremja av styret)
- 3 **Nynorskelevar må sikrast digitale læremiddel** (fremja av styret)
- 4 **Nynorsk i barnehagelærerutdanninga** (fremja av styret)
- 5 **Fråsegn** (fremja av Suldal Mållag)

**Desse fråsegnene var leverte etter fristen:**

- 6 Framlegg frå Odda om læremiddel
- 7 Framlegg frå Teatermållaget om nyhendesendingane i NRK
- 8 Framlegg frå Bærum Mållag om krigen i Ukraina

Kjetil Aasen la fram nemndsinnstillinga. Nemnda innstiller på å avvise framlegg 6 frå Odda mållag om læremiddel. Nemnda innstiller på å avvise framlegg 7 frå Teatermållaget om nyhendesendingane i NRK. Nemnda innstiller på å handsame framlegget til fråsegn frå Bærum mållag om krigen i Ukraina.

Resultat av røystingane om realitetshandsaming:

---

**Vedtak:**

Landsmøtet vedtok innstillinga til nemnda om å avvise framlegget frå Odda Mållag, mot 1 røyst.  
Landsmøtet vedtok innstillinga til nemnda om å avvise framlegget frå Teatermållaget.  
Landsmøtet vedtok innstillinga til nemnda om å handsame framlegget frå Bærum Mållag, mot 2 røyster.

---

Nana Rise-Lynum helsa landsmøtet frå Norsk Barneblad.  
Astrid Sverresdotter Dypvik helsa landsmøtet frå Syn og Segn.  
Svein Olav Langåker helsa landsmøtet frå LNK.

Møtelyden tok lunsjpause frå klokka 13.05.

### **Ordsките laurdag**

Arnfinn Kolerud las då møtelyden kom attende frå lunsjpause laurdag 14.10.

Desse la fram fråsegnene:

- 8 Bjørn Seljebotn, styret
- 6 Kjetil Aasen, styret
- 5 Ellinor Bergli Bustad, styret
- 56 Randi Ese Ur, Suldal Mållag
- 30 Halvor Tjønn, Bærum Mållag

Røysting: Landsmøtet røystar over kva fråsegn om digitale læremiddel dei skal leggja til grunn for diskusjonen. Innstillinga frå nemnda er at landsmøtet legg den nye, omskrivne fråsegn 3 til grunn.

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet legg den omskrivne fråsegn nr. 3 til grunn for den vidare handsaminga.**

---

Desse hadde ordet i ordskiftet:

- 91 Steinar Dvergsdal, Jølster Mållag
- 79 Knut O. Dale, Odda Mållag
- 41 Stephen Walton, Seljord Mållag
- 71 Øystein Skjæveland, Hordaland Mållag
- 126 Magne Heide, Troms og Finnmark Mållag
- 58 Magne Viggo Høyland, Jæren Mållag
- 72 Astrid Olsen, Hordaland Mållag
- 101 Jostein O. Mo, Ørsta Mållag
- 1 Peder Lofnes Heide, styret
- 129 Sunniva Løviknes, Varanger Mållag
- 30 Halvor Tjønn, Bærum Mållag
- Replikk 91 Steinar Dvergsdal, Jølster Mållag
- Svarreplikk 30 Halvor Tjønn, Bærum Mållag
- 121 Jørgen Giorgio Boisoni, Nidaros Mållag
- 150 Jorunn S. Thingnes, Sogn og Fjordane Mållag
- 32 Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo Mållag
- 135 Sveinung Rotevatn, Løvebakken Mållag
- 1 Peder Lofnes Hauge, styret
- 146 Rasmus Tennø Loe, Norsk Målungdom

Møtelyden tok pause 15.25

Ordskite og vedtak søndag. Møtestart klokka 09.32

**Innstillingar frå redaksjonsnemnda for fråsegner og økonomi Sak 6**

**Nemndsleiar Kjetil Aasen innleidde.**

Desse hadde ordet:

Nr: 179 Knut Dale, Odda Mållag

Svar frå Kjetil Aasen

Nr: 121 Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag

Svar frå Kjetil Aasen

Nr:	01-01
Fremja av:	Kristofer O.R. Stavseng
Linetr.: 1	Ny overskrift

Framlegg:	Visit Norway må bruke meir nynorsk
Nemndinnstilling	Tilrådd avvist

---

#### Framlegget vart trekt

---

Nr:	01-02
Fremja av:	Kristofer O.R. Stavseng
Linern.: 2-5	Endre teksten line 2-5
Framlegg:	Nettsida Visit Norway er den offisielle reiseguiden som Innovasjon Noreg har utvikla på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet. Visit Norway er ei storsatsing som skal gjere det enkelt å reise i Noreg, og inneheld tusenvis av oppføringar frå lokale reiseverksemdar. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner departementet må stille språkkrav i tråd med språklova, og auke nynorskdelen på heimesidene til Visit Norway.
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

#### Vedtak: Innstilling vedteken

---

Nr:	01-03
Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Linern.: 7-8	Endre teksten line 7-8 (endringar i kursiv)
Framlegg:	Reiselivssatsinga Visit Norway er betalt av staten, og det er svært påfallande at det ikkje er <i>redaksjonelt innhald på nynorsk</i> . Nynorsk finn du fyrst når du har klikka <i>deg inn på enkelte reiselivsverksemdar</i> som presenterer seg på nynorsk.
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

#### Vedtak: Innstillinga vedteken

---



---

#### Vedtak heilskapen:

Fråsegna er vedteken med dei vedtekne endringane.

---

Nr:	02-01
Fremja av:	Kristofer O.R. Stavseng
Linernr.: 23	Endre overskrifta
Framlegg:	Me må styrke norsk språk i akademia
Nemndinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vedteken

---

Nr:	02-02
Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Linernr.: 2-5	Overskrift – tillegg (i kursiv)
Framlegg:	Det må løne seg å skrive norsk <i>i akademia</i>
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken

---

Nr:	02-03
Fremja av:	Kristofer O.R. Stavseng
Linernr.: 24-25	Endre teksten line 24-25
Framlegg:	Norsk språk er under press i akademia, og særleg nynorsk. Nedgangen i bruken av norsk i akademia er dramatisk. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner dette er ein situasjon som må takast på alvor, og at det blir sett i verk tiltak for å snu utviklinga.

Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vedteken

---

Nr:	02-04
Fremja av:	Kristofer O.R. Stavseng
Linetr.: 26-29	Endre teksten line 2-5 (språkleg endring)
Framlegg:	Fleire rapportar syner at engelsk i aukande grad blir brukt både i pensumlitteratur, i undervisning og i vitskapleg arbeid. Skal norsk vere samfunnsberande språk, er det viktig at det finst fagspråk og terminologi for alle område. Universitets- og høgskulesektoren har eit særleg ansvar for å utvikle dette, slik det går fram av universitets- og høgskulelova.
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vedteken

---

Nr:	02-05
Fremja av:	Magne Heide
Linetr.: 32	Endre/leggje til line 32 (endringar/tillegg i kursiv)
Framlegg:	Dette skadar norsk språk, <i>både bokmål og nynorsk.</i>
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vedteken

---

Nr:	02-06
Fremja av:	Kristofer O.R. Stavseng
Linenumr.: 33-39	Språklege endringar/leggje til tekst line 33-39 (tillegg i kursiv)
Framlegg:	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling gav i 2021 ut rapporten «Språkstrategiar i høgare utdanning». Her er deira klare tilråding at det nasjonalt bør: bli oppretta ei insentivordning som sikrar arbeidet med norsk fagspråk og terminologi. Skrivning av læremiddel, leksikonartiklar, tidsskriftartiklar o.l. bør bli premiært og prioritert. Dette kan til dømes leggest inn i ei meritteringsordning for god undervisning og gode førelesarar. <i>Dette er forslag Noregs Mållag sluttar seg til.</i> Difor meiner me at Kunnskapsdepartementet må få på plass ei slik ordning. Me må sikre norsk fagspråk og gje vitskapeleg tilsette insentiv til å drive fram arbeidet med dette.
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vedteken

---

Nr:	02-07
Fremja av:	Styret
Line 26	Tillegg etter line 26
Framlegg:	Onsdag 30. mars kom ekspertgruppa for akademisk yringsfridom med sin NOU <i>Akademisk yringsfrihet - God yringskultur må bygges nedenfra, hver dag.</i>  Utgreiinga tek opp at kunnskapsformidling er viktig, og at denne må skje på det norske fellesspråket. Noregs Mållag er svært glad for at utvalet slik ser på bruken av norsk språk som ein viktig del av den akademiske yringsfridomen.
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vedteken

---

Nr:	02-08
Fremja av:	Styret
Line 29	Tillegg etter line 29, etter «universitets- og høgskulelova»

Framlegg:	Det er difor gledeleg at utvalet føreslår at Kunnskapsdepartementet forskriftsfestar krav om norsk samandrag i doktorgradsavhandlingar, og at utvalet slår fast at institusjonane må bidra til utvikling av fagterminologi.
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vedteken

---

Nr:	02-09
Fremja av:	Styret
Line 38	Ny setning line 38, før «Kunnskapsdepartementet må få plass ...»
Framlegg:	Utvalet vil ikkje gå så langt, men meiner tilsette må få tid til å skrive leksikonartiklar og lærebøker.
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vedteken

---

Nr:	02-10
Fremja av:	Magne Heide
Line 38	Line 38, tillegg (i kursiv)
Framlegg:	Kunnskapsdepartementet må få på plass ei sik ordning for å sikre norsk fagspråk, <i>bokmål og særleg nynorsk</i> , og gje vitskapleg tilsette insentiv til å drive slikt arbeid.
Nemndinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vedteken, mot 1 røyst

---



---

Vedtak heilskapen:

Fråsegna er vedteken med dei vedtekne endringane.

---

Nr:	03-01
Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Overskrift	Tillegg til overskrifta (i kursiv)
Framlegg:	Nynorskelevane må sikrast digitale læremiddel <i>på nynorsk</i>
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vedteken, mot 1 røyst

---

Nr:	03-02
Fremja av:	Odda Mållag
Overskrift	Tillegg til overskrifta (i kursiv)
Framlegg:	Nynorskelevane må sikrast <i>lærebøker</i> og digitale læremiddel
Nemndinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vedteken, mot 4 røyster

---

Nr:	03-03
Fremja av:	Magne Wiggo Høyland
Andre strekpunkt	Endre andre strekpunkt (i kursiv)
Framlegg:	- digitale læremiddel må kome <i>til same tid og same pris.</i>
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

Kjetil Aasen tok ordet til oppklåring kring framlegg 03.03.

---

Vedtak: Innstillinga vedteken

---

Nr:	03-04
Fremja av:	Sigrd Espeland Lerbak



Generelt	Denne fråsegna må også omhandle lærebøker. Altså alle læremiddel, og ikkje berre dei digitale
Framlegg:	
Nemndinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vedteken, mot 3 røyster

---

Nr:	03-05
Fremja av:	Sigrid Espeland Lerbak
Generelt	Det må kome klart fram at det treng ein heimel for sanksjonering dersom læremiddel som kun finst på bokmål vert tatt i bruk.
Framlegg:	
Nemndinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vedteken, mot 12 røyster

---



---

**Vedtak heilskapen:**

Fråsegna er vedteken med dei vedtekne endringane.

---

Nr:	04-01
Fremja av:	Kristofer O.R. Stavseng
Line 66-68	
Framlegg:	Stryk linene 66-68
Nemndinnstilling	Tilrådd avvist

---

Framlegget vart trekt

---

Nr:	04-02
Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Line 66-68	Endre line 66-68

Framlegg:	Det skal vere ein samanheng mellom barnehage og barneskole.
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke.

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken

---

Nr:	04-03
Fremja av:	Jorunn S. Thingnes og Kristofer O.R. Stavseng
Line 66-68	Endre line 66-68
Framlegg:	Born som skal ha nynorsk som hovudmål i skolen, må få møte nynorsk i barnehagen.
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke.

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken

---

Nr:	04-04
Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Line 71	Endre line 71.
Framlegg:	.....kunnskap om korleis dei skal førebu borna og .....
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken

---

Nr:	04-04
Fremja av:	Jorunn S. Thingnes og Kristofer O.R. Stavseng
Line 71	Endre line 71.
Framlegg:	Erstatte ordet «språkopplæring» med «språkstimulering»
Nemndinnstilling	Tilrådd avvist

---

Framlegget vart trekt

---



---

Vedtak heilskapen:

Fråseigna vart vedteken med dei vedtekne endringane.

---

Nr:	05-01
Fremja av:	Suldal Mållag
Heile fråseigna	
Framlegg:	Heile fråseigna
Nemndinnstilling	Tilrådd avvist

Nr:	05-02
Fremja av:	Jostein Mo
Heile fråsegn	Heilskapleg
Framlegg:	<p>Frivillige organisasjonar har som oftast sitt eige lagsmerke. Slikt merke (eller logo) bør ha bruksvern med eigne vedtekter. Då kan det også kome med når og kven som har utforma logoen.</p> <p>Landsmøtet gir administrasjonen i oppgåve å kome med framlegg til bruksreglar (irekna fargebruk) for logoen til Noregs Mållag, og sameleis korleis endringar kan handsamast.</p>
Nemndinnstilling g	Tilrådd avvist

---

Framlegget vart trekt

---

---

Vedtak heilskapen:

---

Innstillinga vedteken mot 1 røyst.

---

Nr:	06-01
Fremja av:	Bærum Mållag
Heile fråsegna	
Framlegg:	Noregs Mållag, samla til landsmøte 1.–3. april 2022, stør det ukrainske folket i kampen for sjølvstende, fred og fridom. Noregs Mållag krev at Russland avsluttar krigføringa og trekker dei væpna styrkene sine attende til internasjonalt anerkjente grenser.
Nemndinnstilling	Tilrådd vedteke mot ei røyst

---

Vedtak: Innstillinga vedteken mot 4 røyster

---

Nr:	06-02
Fremja av:	Jon Låte
Tillegg	
Framlegg:	Legg til «og eige språk» slik at det blir: «.... stør kampen for sjølvstende, fred, fridom og eige språk»
Nemndinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 1 røyst

---

Nr:	06-03
Fremja av:	Jørgen Bosoni
Tillegg	
Framlegg:	<p>1. innhald bytt ut «i kampen for sjølvstende, fred og fridom» med «i kampen for sjølvstende, fred, fridom og kulturell og språkleg identitet».</p> <p>2. språkleg/innhald bytt ut «Russland» med «Den russisk føderasjonen»</p> <p>3. innhald bytt ut «krigføringa» med «det umotiverte åttaket og krigføringa»</p>

Nemndinnstilling	Tilrådd avvist
------------------	----------------

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 5 røyster

---

Nr:	06-04
Fremja av:	Vinje Mållag og Seljord Mållag
Endring	Endring siste setning
Framlegg:	Noregs Mållag krev at Russland avsluttar krigføringa og straks innleier meiningsfylte fredsforhandlingar.
Nemndinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken mot 4 røyster

---

Nr:	06-05
Fremja av:	Steinar Dvergsdal
	Noregs Mållag, samla til landsmøte 1. – 3. april 2022, stør det ukrainske folket i kampen for sjølvstende, fred og fridom. <i>Partane må kome til ei ordning i samsvar med folkefleirtalet på Krim og i austlege delar av Ukraina.</i> Noregs Mållag krev at Russland avsluttar krigføringa og trekker dei væpna styrkene sine attende til frå Ukraina. <i>Alle grupper av innbyggjarar må få høve til å nytte sitt språk i skule og samfunnsliv.</i>
Framlegg:	Legg til «og eige språk» slik at det blir: «.... stør kampen for sjølvstende, fred, fridom og eige språk»
Nemndinnstilling	Framlegget er trekt av framleggsstillar/subsidiært avvist

---

Framlegget vart trekt.

---



---

**Vedtak heilskapen:**

Fråsegnen er vedteken med dei vedtekne endringane, mot 4 røyster

---

Dei vedtekne fråsegnene følgjer landsmøteboka som vedlegg.

## SAK 7 Vilkåra for nynorskelevane i skulen

Møtelyden kom attende frå lunsjpause klokka 14.01.

Tale ved kunnskapsminister Tonje Brenna.

Desse stilte førebudde spørsmål:

1 Peder Lofsnes Hauge, Styret

Svar frå kunnskapsminister Tonje Brenna.

145 Tobias Christensen Eikeland, Norsk Målungdom

Svar frå kunnskapsminister Tonje Brenna.

66 Ane Landøy, Hordaland Mållag

Svar frå kunnskapsminister Tonje Brenna.

22 Stein-Ove Thon, Ål og Hol Mållag

Svar frå kunnskapsminister Tonje Brenna.

1 Peder Lofnes Hauge, Styret

Peder takka kunnskapsministeren og overrekte bokpakke som gåve.

## SAK 8 Nytt prinsippprogram for Noregs Mållag

**Innleiingar ved styremedlem Inger Johanne Sæterbakk og direktør ved Nynorsk kultursentrum Per Magnus Finnanger Sandsmark\*.**

\*Grunna tekniske problem med overføringa, las Synnøve Marie Sætre opp siste del av innleiinga til Per Magnus Finnanger Sandsmark.

Til denne saka ligg det føre tre heilskaplege framlegg:

1 Framlegg frå styret

2 Framlegg frå Odda Mållag

3 Framlegg frå Arvid Langeland

Desse hadde ordet:

3 Inger Johanne Sæterbakk, Styret, la fram framlegget frå styret.

79 Knut O. Dale, Odda Mållag, la fram framlegget frå Odda Mållag.

121 Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag, la fram framlegget på vegner av Arvid Langeland.

Gruppeordskifte og kaffipause.

16.35. Utdeling av målblome.

Peder Lofnes Hauge delte ut målblome til avtroppande kringkastingssjef Tor Gjermund Eriksen.

Tor Gjermund Eriksen heldt takketale.

Peder Lofnes Hauge introduserte Ingvild Bryn.

Innlegg frå journalist i NRK Ingvild Bryn om språkarbeidet i NRK.

- 71 Øystein Skjæveland
- 3 Inger Johanne Sæterbakk med presiseringar om saksgangen.

Røysting om grunnlag for prinsippprogram:

Vedtak: Framlegget til styret vart vedteke som grunntekst.

Plenumsordskifte. Desse tok ordet:

- 103 Berit Bjørlo, Sykkylven Mållag
- 29 Per Ivar Vaagland, Bærum Mållag
- 30 Halvor Tjønn, Bærum Mållag
- 32 Kristoffer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag
- May Britt Jensen, Gjest Rennesøy Mållag
- 41 Stephen Walton, Seljord Mållag
- 64 Unni Halvorsen, Skånevik Mållag
- 87 Karl Peder Mork, Sogndal Mållag
- 145 Tobias Christensen Eikeland, Norsk Målungdom
- 34 Håkon Remøy, Oslo mållag
- 126 Magne Heide, Troms og Finnmark Mållag
- 32 Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag
- 49 Borghild Løver, Vest-Agder Mållag
- Ingvild Bryn, Gjest
- 37 Vegard Troøyen Foseide, Oslo mållag
- 13 Brynhild Marie Foss, Gausdal Dialekt- og Mållag
- 15 Marianne Granheim Trøyflat, Valdres Mållag
- 146 Rasmus Tennøe Loe, Norsk Målungdom
- 121 Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros mållag
- 11 Replikk: Jens Haugan, Hamar Mållag
- 99 Anne Steinsvik Nordal, Volda Mållag
- 73 Oddvar Skre, Hordaland Mållag
- 144 Dordi Boksasp Lerum, Norsk Målungdom
- 138 Olav Helge Øwre, Noregs Lærarmållag
- 18 Aud Søyland, Nord-Aurdal Mållag
- 143 Ådne Reidar Nes Kleppe, Norsk Målungdom
- 87 Replikk: Karl Peder Mork, Sogndal Mållag
- 70 Erlend Bakke, Hordaland Mållag
- 1 Peder Lofnes Hauge, styret
- 2 Synnøve Marie Sætre, styret
- 3 Inger Johanne Sæterbakk, styret

Helsing frå Torgeir Dimmen, Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa).

## Framlegg frå styret:

### Føremål

Noregs Mållag skal fremja nynorsk på alle område i det norske samfunnet, slik at nynorsk blir meir brukt i heile Noreg. Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunna tala dialekten sin.

### Grunnlag

Ivar Aasen bygde det nynorske skriftspråket på dei norske dialektane for å gje alle tilgang til skriftkulturen og høve til å ta del i folkestyre og samfunnsliv.

Det nynorske skriftspråket er ein umissande del av den språklege og kulturelle arven for alle som bur i Noreg, og det daglege bruksspråket til ei stor gruppe innbyggjarar.

Det er ei viktig internasjonal oppgåve å ta vare på dei mange språka som er under press frå språk med fleire eller mektigare brukarar. Noregs Mållag ser arbeidet for nynorsk som del av ei brei internasjonal rørsle for å tryggja og styrkja utsette språk.

### Samfunnsberande språk

Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet. Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som samfunnsberande språk.

Nynorsk må haldast ved like og styrkjast i dei områda av landet der nynorsk i dag er mykje i bruk. Styresmaktene må syta for at det er like enkelt å bli, og å halda fram med å vera nynorskbrukar i heile landet.

Norsk skal halda fram med å vera det samfunnsberande språket i Noreg, også på områda der engelsk held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta norsk språk i norsk skule og arbeidsliv.

Vi må kunna bruka nynorsk og talespråket vårt i alle digitale samanhengar. Nynorsk skal vera likestilt med bokmål i den digitale språkutviklinga.

### Dugleik og fellesskap

Alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfellesskapen. Å kunna nynorsk er ein føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle elevane skal ha rett til fullgod opplæring i og på nynorsk.

### Talemål

Det er ein demokratisk rett å kunna bruka sitt eige talemål. Dei norske dialektane er det historiske grunnlaget for nynorsken. Dialektbruk er akseptert og normalt i dei fleste samanhengar, men dialektmangfaldet er like fullt under press. Noregs Mållag forsvargar dialektar og dialektbruk. Noregs Mållag stør bruk av normert nynorsk tale.

### Mindretalsspråk

Noregs Mållag stør mindretals- og minoritetsspråkbrukarar sin kamp for språklege rettar og står solidarisk med andre språkorganisasjonar i kampen for språkmangfald i Noreg. Det gjeld særleg dei samiske språka, kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.

### Noregs Mållag og prinsippprogrammet

Medlemene i Noregs Mållag legg prinsippprogrammet til grunn for arbeidet. Noregs Mållag er partipolitisk ubunde, men kan ta stilling i einskildsaker og samarbeida med andre organisasjonar når det tener målsaka.



## Framlegg frå Odda Mållag:

### Føremål

Nynorsk er eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg og Noregs Mållag skal fremja nynorsk på alle område i det norske samfunnet. Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunna tala dialekten sin.

### Grunnlag

Ivar Aasen bygde det nynorske skriftspråket på dei norske dialektane for å gje alle tilgang til skriftkulturen og høve til å ta del i folkestyre og samfunnsliv.

Nynorsk er det eldste norske skriftspråket, ein umissande del av den språklege og kulturelle arven for alle som bur i Noreg, og det daglege bruksspråket til ei stor gruppe innbyggjarar.

### Normering

Nynorsk skriftspråk skal normerast på eit sjølvstendig grunnlag.

### Samfunnsberande språk

Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet. Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg. Dette må nedfella seg i lover og føresegner.

Nynorsk må haldast ved like og styrkjast i dei områda av landet der nynorsk i dag er mykje i bruk.

Styresmaktene må syta for at det er like enkelt å bli, og å halda fram med å vera nynorskbrukar i heile landet.

Nynorsk og bokmål skal halda fram med å vera dei samfunnsberande språka i Noreg, også på områda der engelsk held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta dei norske språka i på område der engelsk held på å ta over.

Vi må kunna bruka nynorsk og talemålet vårt i alle digitale samanhengar. Programvare må vera tilgjengeleg også på nynorsk. Nynorsk skal vera likestilt med bokmål i den digitale språkutviklinga.

### Dugleik og fellesskap

Alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfellesskapen. Å læra og å kunna nynorsk er ein føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle elevane skal ha rett til fullgod opplæring i nynorsk. For å kunna bli trygge i skriftspråket sitt er det viktig at nynorskelevane får høyra saman som gruppe gjennom heile grunnskulen. Denne retten må lovfestast og elevar i grunnskulen har ikkje høve til å byta skriftspråk.

### Talemål

Det er ein demokratisk rett å kunna bruka sitt eige talemål. Dei norske dialektane er det historiske grunnlaget for nynorsken. Dialektbruk er akseptert og normalt i dei fleste samanhengar, men dialektmangfaldet er like fullt under press. Noregs Mållag forsvarar dialektar og dialektbruk. Noregs Mållag vil tilskunda bruk av normert nynorsk tale i media, skule og kyrkje.

### Mindretalsspråk

Noregs Mållag stør mindretals- og minoritetsspråkbrukarar sin kamp for språklege rettar i Noreg. Dette gjeld særleg brukarar av samiske språk, kvensk, romani, romanes og teiknspråk.

### Lojalitet i organisasjonen

Noregs Mållag legg til grunn at dei styrande organa i organisasjonen er lojale mot landsmøtevedtak.

### **Noregs Mållag og prinsippprogrammet**

Medlemene i Noregs Mållag legg prinsippprogrammet til grunn for arbeidet. Noregs Mållag er partipolitisk ubunde, men kan ta stilling i einskildsaker og samarbeida med andre organisasjonar når det tener målsaka.

## **Framlegg frå Arvid Langeland:**

### **1 Føremål**

Noregs mållag skal arbeida for å reisa og tryggja nynorsk som samfunnsberande, fullverdigt nasjonalt hovudspråk i Noreg.

### **2 Det nynorske språket**

#### **Skriftspråket**

Ivar Aasen granska dei norske dialektane og sette opp ei landsgyldig, samlande norm tufta på dei norske målføra som stod i ubroten samanheng med gamalnorsk.

Aasen meinte at enkel setningsbyggnad og folkeleg seiemåte må vera stilmønster for nynorsken, og at det som regel bør lagast nyord på heimleg grunn framfor å henta dei inn frå andre språk.

Prinsippa som Aasen bygde på, gjorde nynorsken til eit språk som folk kunne kjenna seg heime i. Noregs mållag stør desse prinsippa, og vil arbeida for at nynorsken vert dyrka på sitt eige grunnlag.

Noregs mållag krev difor at former og skrivemåtar som er tekne inn i nynorsken frå og med 1917 og frametter med det føremålet å tilnærma han til bokmål, må takast ut att or nynorsknorma, og valfridomen i norma må reduserast sterkt.

#### **Normert nynorsk tale**

Normert nynorsk tale er ein naturleg del av eit samfunnsberande, fullverdigt nasjonalt hovudspråk og kan i sin tur vera eit viktig ryggstø for skriftmålet og dialektane.

Normert nynorsk tale må tuftast på delar av tradisjonell dialektuttale, ikkje på bokmålsuttale.

#### **Dei norske dialektane**

Noregs Mållag stør arbeid for å taka vare på dei norske dialektane. Noregs mållag meiner at det er viktig å spreia kunnskap om dei tradisjonelle dialektane og å visa samhøvet mellom dei og tradisjonell einskapleg nynorsk.

### **3 Tiltak for røyndleg jamstilling**

Nynorsken er offisielt jamstilt som nasjonalt hovudspråk, men han er likevel i røynda diskriminert.

Noregs mållag meiner at dette er døme på tiltak som krevst for å få til røyndleg jamstilling:

- Lover og forskrifter må liggja føre både på nynorsk og bokmål samstundes.
- Viktige nasjonale dokument som NOU-ar, stortingsmeldingar og liknande må liggja føre både på nynorsk og bokmål samstundes.
- Staten må krevja av vareprodusentar at bruksrettleiingar og annan informasjon skal vera både på nynorsk og bokmål.
- Staten må stilla krav til teknologiprodusentar om at nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar skal ha like rettar i alle samanhengar der språk er relevant.
- Språklova må slå fast at det offentlege har ansvar for å utvikla og bruka terminologi og fagspråk på nynorsk og bokmål.

- Språklova må ha føresegner om sanksjonar mot brot på språklova.
- Det offentlege må syta for at lærarutdanninga og førskulelærer-utdanninga gjev god nynorskkompetanse.
- På store regionale trafikk-knutepunkt må det skiltast og informerast både på nynorsk og bokmål.
- Det må med lov sikrast at barnehagane i nynorskkommunar brukar nynorsk
- Alle nynorskelevar i den norske grunnskulen skal ha rett til opplæring på sitt eige språk opp gjennom heile skulegangen.
- Det må vera lik tilgang på læremiddel på både nynorsk og bokmål til og med høgskulenivå, og so langt som rimeleg på universitetsnivå, slik at me kan hindra at engelsk overtek.

Dette punktet er sjølvstøtt ikkje fullstendig, men det konkretiserer kva Noregs Mållag legg i reell jamstilling.

#### 4 Noregs Mållag og prinsippprogrammet

Medlemene i Noregs Mållag legg prinsipp-programmet til grunn for arbeidet. Noregs Mållag er partipolitisk ubunde, men kan ta stilling i einskildsaker og samarbeida med andre organisasjonar når det tener målsaka

#### Vedtak laurdag:

Møtelyden kom attende frå pause klokka 15.58

Allsong framført i vakker firdelt kanon: Hanen stend på stabburshella.

Opplesing ved forfattar Arnfinn Kolerud.

#### Gjennomgang ved nemndsleiar Inger Johanne Sæterbakk.

70 Erlend Bakke til saksførehavande.

126 Magne Heide, Troms og Finnmark Mållag trekkjer sine heilskaplege framlegg.

## Innstillingar frå prinsippprogramnemnda Sak 8

<b>Nr:</b>	<b>01-01</b>
<b>Fremja av:</b>	<b>Førenamn</b> Arvid
	<b>Etternamn</b> Langeland
<b>Linenummer/paragraf:</b>	Heilskapleg endringsframlegg – sjå over.
<b>Nemndsinnstilling</b>	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vart samrøystes vedteken.

---

Nr:	02-01																	
Fremja av:	Førenamn Magne	Etternamn Heide																
Linenummer/ paragraf:	Heilskapleg endringsframlegg																	
Framlegg:	<table border="1"> <tr> <td>19 Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet.</td> <td>19 Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet.</td> </tr> <tr> <td>20 Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som samfunnsberande språk.</td> <td>20 Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som <u>eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg. Dette må nedfella seg i lover og føresegner.</u></td> </tr> <tr> <td>26 <u>Norsk</u> skal halda fram med å vera <u>det</u> samfunnsberande språket i Noreg, også på områda der engelsk</td> <td>26 <u>Nynorsk og bokmål</u> skal halda fram med å vera <u>dei</u> samfunnsberande språka i Noreg, også på områda der engelsk</td> </tr> <tr> <td>27 held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta <u>norsk språk</u> i norsk skule og arbeidsliv.</td> <td>27 held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta <u>dei norske språka</u> i på område der engelsk held på å ta over.</td> </tr> <tr> <td>29 Vi må kunna bruka nynorsk og talespråket vårt i alle digitale samanhengar. Nynorsk skal vera likestilt</td> <td>29 Vi må kunna bruka nynorsk og talemålet vårt i alle digitale samanhengar. <u>Programvare må vera tilgjengeleg også på nynorsk.</u> Nynorsk skal vera likestilt</td> </tr> <tr> <td>30 med bokmål i den digitale språkutviklinga.</td> <td>30 med bokmål i den digitale språkutviklinga.</td> </tr> <tr> <td>33 alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfelleskapen. Å kunna nynorsk er ein</td> <td>33 Alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfelleskapen. Å kunna nynorsk er ein</td> </tr> <tr> <td>34 føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle elevane skal ha rett til fyllgod</td> <td>34 føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle elevane skal ha rett til fullgod</td> </tr> </table>		19 Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet.	19 Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet.	20 Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som samfunnsberande språk.	20 Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som <u>eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg. Dette må nedfella seg i lover og føresegner.</u>	26 <u>Norsk</u> skal halda fram med å vera <u>det</u> samfunnsberande språket i Noreg, også på områda der engelsk	26 <u>Nynorsk og bokmål</u> skal halda fram med å vera <u>dei</u> samfunnsberande språka i Noreg, også på områda der engelsk	27 held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta <u>norsk språk</u> i norsk skule og arbeidsliv.	27 held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta <u>dei norske språka</u> i på område der engelsk held på å ta over.	29 Vi må kunna bruka nynorsk og talespråket vårt i alle digitale samanhengar. Nynorsk skal vera likestilt	29 Vi må kunna bruka nynorsk og talemålet vårt i alle digitale samanhengar. <u>Programvare må vera tilgjengeleg også på nynorsk.</u> Nynorsk skal vera likestilt	30 med bokmål i den digitale språkutviklinga.	30 med bokmål i den digitale språkutviklinga.	33 alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfelleskapen. Å kunna nynorsk er ein	33 Alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfelleskapen. Å kunna nynorsk er ein	34 føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle elevane skal ha rett til fyllgod	34 føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle elevane skal ha rett til fullgod
19 Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet.	19 Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet.																	
20 Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som samfunnsberande språk.	20 Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som <u>eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg. Dette må nedfella seg i lover og føresegner.</u>																	
26 <u>Norsk</u> skal halda fram med å vera <u>det</u> samfunnsberande språket i Noreg, også på områda der engelsk	26 <u>Nynorsk og bokmål</u> skal halda fram med å vera <u>dei</u> samfunnsberande språka i Noreg, også på områda der engelsk																	
27 held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta <u>norsk språk</u> i norsk skule og arbeidsliv.	27 held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta <u>dei norske språka</u> i på område der engelsk held på å ta over.																	
29 Vi må kunna bruka nynorsk og talespråket vårt i alle digitale samanhengar. Nynorsk skal vera likestilt	29 Vi må kunna bruka nynorsk og talemålet vårt i alle digitale samanhengar. <u>Programvare må vera tilgjengeleg også på nynorsk.</u> Nynorsk skal vera likestilt																	
30 med bokmål i den digitale språkutviklinga.	30 med bokmål i den digitale språkutviklinga.																	
33 alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfelleskapen. Å kunna nynorsk er ein	33 Alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfelleskapen. Å kunna nynorsk er ein																	
34 føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle elevane skal ha rett til fyllgod	34 føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle elevane skal ha rett til fullgod																	

	35 opplæring i og på nynorsk.	opplæring i og på nynorsk. <u>For å kunna bli trygge i skriftspråket sitt er det viktig at nynorskelevane får høyra saman som gruppe gjennom heile grunnskulen.</u>
	NYTT:	<b>Normering</b> <u>Nynorsk skriftspråk skal normerast på eit sjølvstendig grunnlag.</u>
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Framlegget vart trekt.

---

Nr:	03-01	
Fremja av:	Førenamn Odda Mållag	Etternamn
Linenummer/ paragraf:	Nytt punkt	
Framlegg:	Legg til: Lojalitet i organisasjonen Noregs Mållag legg til grunn at dei styrande organa i organisasjonen er lojale mot landsmøtevedtak.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot to røyster.

---

Nr:	04-01	
Fremja av:	Førenamn Bærum Mållag	Etternamn
Linenummer/ paragraf:	3, 4 og 5	
Framlegg:	Endra til: Ny formulering: Noregs Mållag skal fremja nynorsk og dei norske dialektane på alle område i det norske samfunnet og i alle delar av landet.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot sju røyster.

---

Nr:	04-02	
Fremja av:	Førenamn Erlend	Etternamn Bakke
Linenummer/ paragraf:	3, 4 og 5	
Framlegg:	Endra til: Noregs Mållag arbeider for å tryggja og styrkja nynorsk som eit samfunnsberande og fullverdig hovudspråk i Noreg. Vi arbeider for at nynorsk skal brukast meir og betre, på alle samfunnsområde og allstad i landet. Noregs Mållag hegnar om og fremjar språkkulturen i dei nedervde nynorske dialektane. Vi arbeider for at alle skal kunna tala dialekten sin fritt. Noregs Mållag fremjar normert nynorsk i skrift og tale. Språkkulturen i dialektane treng standardspråket nynorsk som målberar og lagleiar i det moderne kommunikasjonssamfunnet.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot ei røyst	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot to røyster.

---

Nr:	04-03	
Fremja av:	Førenamn Odda Mållag og einarane og toarane frå bak ved vindauget, ved Unni Halvorsen og Anne S. Nordal	Etternamn
Linenummer/ paragraf:	4	
Framlegg:	Endra til: Nynorsk er eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg, og Noregs Mållag skal fremja nynorsk på alle område i det norske samfunnet.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot fem røyster.

---

Nr:	04-04
-----	-------

Fremja av:	Førenamn Kristofer Olai Ravn	Etternamn Stavseng
Linenummer/ paragraf:	4	
Framlegg:	<p>Legg til: «som eit allment og jamstelt språk»:</p> <p>Noregs Mållag skal fremja nynorsk på alle område i det norske samfunnet, slik at nynorsk som eit allment og jamstelt skriftspråk, blir meir brukt i heile Noreg. Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunna tala dialekten sin.</p>	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot ni røyster.

---

Nr:	04-05	
Fremja av:	Førenamn Dordi Lerum, Anna Rekdal, Christoph Franzen, Frida Pernille Mikkelsen, Rasmus Tennø Loe, Tobias Christensen Eikeland, Rebekka Hugøy Hovland	Etternamn
Linenummer/ paragraf:	4 og 5	
Framlegg:	<p>Endra til:</p> <p>Noregs Mållag skal fremja nynorsk på alle område i det norske samfunnet, slik at alle har høve og rett til å skriva nynorsk.</p>	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot ei røyst	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot 11 røyster.

---

Nr:	04-06	
Fremja av:	Førenamn Borghild	Etternamn Løver
Linenummer / paragraf:	4 og 5	

Framlegg:	Endra til: Noregs Mållag skal fremja nynorsk på alle område i det norske samfunnet, slik at nynorsk blir meir brukt i heile Noreg og reelt jamstelt. Noregs Mållag arbeider for å halde på dialektrikdomen.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot 16 røyster.

---

Nr:	04-07	
Fremja av:	Førenamn Vegard T.	Etternamn Foseide
Linenummer/ paragraf:	5	
Framlegg:	Legg til: Før setninga om dialekt: «Noregs Mållag arbeider for at alle skal velje og ta i bruk det nynorske skriftmålet.»	
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot sju røyster.

---

Nr:	04-08	
Fremja av:	Førenamn Oddvar	Etternamn Skre
Linenummer / paragraf:	4 og 5	
Framlegg:	Endra til: Noregs Mållag skal fremja nynorsk som eit allment og jamstelt skriftspråk på alle område i det norske samfunnet, slik at nynorsk blir meir brukt i heile Noreg.	
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot 11 røyster.

---

Nr:	05-01
-----	-------



Fremja av:	Førenamn Erlend	Etternamn Bakke
Linenummer/ paragraf:	8	
Framlegg:	Endra til: Språkforskaren Ivar Aasen (1813-1896) var den viktigaste opphavsmannen for det nynorske skriftspråket; språket som offisielt heitte <i>landsmål</i> fram til 1929 og som har heitt <i>nynorsk</i> sidan. Aasen bygde skriftspråket som ein sameinar for dei nynorske dialektane, for å gje alle tilgang til skriftkulturen og høve til å ta del i folkestyre og samfunnsliv.	
Nemndsinnstilling	Avvist mot ei røyst	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot fem røyster.

---

Nr:	05-02	
Fremja av:	Førenamn Øyvind	Etternamn Fenne
Linenummer / paragraf:	8	
Framlegg:	Endra til: Ivar Aasen bygde det nynorske skriftspråket på dei norske dialektane for å gje Noreg eit norsk skriftspråk og allmugen tilgang til skriftkulturen og høve til å ta del i folkestyre og samfunnsliv.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist.	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot sju røyster.

---

Nr:	05-03	
Fremja av:	Førenamn Øystein	Etternamn Skjæveland
Linenummer / paragraf:	9	

Framlegg:	<p>Legg til: Etter line 9: Aasen sette opp ei landsgyldig, samlande norm tufta på dei norske målføra, som stod i ubroten samanheng med gamalnorsk. Aasen meinte at enkel setningsbygnad og folkeleg seiemåte må vera stilmønster for nynorsken, og at det som regel bør lagast nyord på heimleg grunn framfor å henta dei inn frå andre språk</p>
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot 11 røyster.

---

Nr:	06-01	
Fremja av:	Førenamn Odda Mållag	Etternamn
Linenummer / paragraf:	11	
Framlegg:	<p>Stryk / endra til / legg til: Endra: «Det nynorske skriftspråket er (...)» til «Nynorsk er det eldste norske skriftspråket, (...)»</p>	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot ei røyst.

---

Nr:	07-01	
Fremja av:	Førenamn Erlend	Etternamn Bakke
Linenummer / paragraf:	14	

Framlegg:	<p>Endra til:</p> <p>Bokmål er likevel det språket som dominerer i Noreg. <i>Moderat bokmål</i> – den bokmålsvarianten som skil seg mest frå nynorsk og dei nynorske dialektane – har vunne fram etter at freistnadene på å smelta bokmål og nynorsk saman til <i>samnorsk</i>, braut saman i siste halvta av det tjuande hundreåret. Moderat bokmål er knytt til ein hovudstadskultur der sosiolektane (dei sosialt styrte talemåtene) har opphav i sosioøkonomiske, kulturelle og politiske miljø som er mektige på nasjonalt nivå i Noreg. Dette utgjør eit trugsmål mot nynorsken og dialektane.</p> <p>Striden for nynorsk gjev større rom for andre sosiale grupper og fleire område i landet. Samanhengen mellom nynorsken og dialektane utgjør ei kulturell og politisk kraft som kan veksa.</p>
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot ei røyst

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot to røyster.

---

Nr:	07-02	
Fremja av:	Førenamn Odda Mållag	Etternamn
Linenummer / paragraf:	14, 15 og 16	
Framlegg:	Stryk: stryka desse linene	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart samrøystes vedteken.

---

Nr:	08-01	
Fremja av:	Førenamn Håkon	Etternamn Remøy
Linenummer / paragraf:	Nytt punkt	
Framlegg:	Stryk / endra til / legg til: Normering Nynorsken skal normerast fylgjerett og på sjølvstendig grunnlag.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot seks røyster.

---

Nr:	08-02	
Fremja av:	Førenamn Håkon Odda Mållag Anne S. May Britt Oddvar	Etternamn Remøy  Nordal Jensen Skre
Linenummer / paragraf:	17	
Framlegg:	Stryk / endra til / legg til: <b>Normering</b> Nynorsken skal normerast på sjølvstendig grunnlag.	
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot 15 røyster.

---

Nr:	08-03	
Fremja av:	Førenamn Jørgen	Etternamn Bosoni
Linenummer/ paragraf:	20, 21 og 22	
Framlegg:	legg til: mellom line 20 og 22:  «Nynorsk skriftspråk skal normerast på eit sjølvstendig grunnlag, og talemålspåverknader frå bokmålsdominans skal ikkje vera ein del av normeringsgrunnlaget for nynorsk.»	
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot 11 røyster.

---

Nr:	08-04
-----	-------

Fremja av:	Førenamn Erlend	Etternamn Bakke
Linenummer/ paragraf:	32	
Framlegg:	<p>Legg til:</p> <p>Normering</p> <p>Noregs Mållag ventar at staten normerer nynorsk på sjølvstendig grunnlag. Norma for nynorsk skal vera sameinaren for dei nynorske dialektane og stø den nedervde språkkulturen i dei. Det er viktig fordi det dominerande moderate bokmålet bryt med den språkkulturen og er med på å bryta han ned.</p> <p>Den offisielle rettskrivinga for nynorsk treng visse valfrie ordformer og grammatiske former som har lang tradisjon i skriftspråket og tradisjonelt stor utbreiing i dialektane.</p> <p>Alle som normerer talemålet sitt etter nynorsk, er frie til å gjera det med dialekttonen eller taleaksenten som passar for dei. Normert nynorsk er til for alle.</p>	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot ei røyst.	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot fire røyster.

---

Nr:	09-01	
Fremja av:	Førenamn Erlend	Etternamn Bakke
Linenummer / paragraf:	18,19 og 20	
Framlegg:	<p>Endra til:</p> <p>Samfunnsberande og fullverdige språk</p> <p>Språkbruken i staten og språkpolitikken som staten fører, er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet.</p> <p>Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som nasjonalt samfunnsberande og fullverdige språk, likestilt med bokmål etter <i>lov om språk</i> (språkløva).</p>	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot ei røyst	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot tre røyster.

---

Nr:	09-02	
Fremja av:	Førenamn Aud	Etternamn Søyland
Linenummer / paragraf:	20	
Framlegg:	Endra til: «Samfunnsberande språk» blir erstatta med «allment og jamstilt språk»	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot 12 røyster.

---

Nr:	09-03	
Fremja av:	Førenamn Odda Mållag	Etternamn
Linenummer/ paragraf:	20	
Framlegg:	Endra til:  Endra «samfunnsberande språk» til «eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg. Dette må nedfella seg i lover og føresegner.»	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot 10 røyster.

---

Nr:	09-04	
Fremja av:	Førenamn Rasmus Tennø Dordi Frida Pernille Christoph Anna Rebekka Hugøy	Etternamn Loe Lerum Mikkelsen Franzen Rekdal Hovland
Linenummer/ paragraf:	20	
Framlegg:	Stryk:	

	tryggja og
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot ei røyst

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot ni røyster.

---

Nr:	10-01	
Fremja av:	Førenamn Erlend	Etternamn Bakke
Linenummer / paragraf:	22	
Framlegg:	Endra til: Særleg i dei områda der nynorsk er mykje nytta i dag, må nynorsk haldast ved like og styrkjast som språkkultur. Styresmaktene må syta for at det i heile landet er enkelt å verta nynorskbrukar og å halda fram som nynorskbrukar.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist til fordel for nytt framlegg frå nemnda	

---

Vedtak: Innstillinga vart samrøystes vedteken.

---

Nr:	10-02	
Fremja av:	Førenamn Tobias Christensen Ådne Reidar Nes Rasmus Tennø Frida Pernille Anna Christoph Rebekka Hugøy	Etternamn Eikeland Kleppe Loe Mikkelsen Rekdal Franzen Hovland
Linenummer / paragraf:	22	
Framlegg:	Stryk: Stryk setninga.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot ei røyst.

---

Nr:	10-03	
Fremja av:	Førenamn Tobias Christensen Ådne Reidar Nes Rasmus Tennø Frida Pernille Anna Christoph Rebekka Hugøy	Etternamn Eikeland Kleppe Loe Mikkelsen Rekdal Franzen Hovland
Linenummer / paragraf:	22, 23 og 24	
Framlegg:	Endra til: "Styresmaktene må syta for at det er like enkelt å bli, og å halda fram med å vera nynorskbrukar i heile landet. Nynorsk må haldast ved like og styrkjast i dei områda av landet der nynorsk i dag er mykje i bruk."	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist til fordel for nytt framlegg frå nemnda	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken samrøystes.

---

Nr:	10-04	
Fremja av:	Førenamn Nemnda	Etternamn
Linenummer / paragraf:	22, 23 og 24	
Framlegg:	Stryk / endra til / legg til: Styresmaktene må syta for at det i heile landet er enkelt å bli nynorskbrukar og å halda fram som nynorskbrukar. Nynorsk må haldast ved like og styrkjast i dei områda av landet der nynorsk i dag er mykje i bruk."	
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken samrøystes.

---

Nr:	11-01	
Fremja av:	Førenamn Erlend	Etternamn Bakke



Linenummer / paragraf:	26
Framlegg:	Endra til: Nynorsk og bokmål skal halda fram med å vera dei samfunnsberande og fullverdige hovudspråka i Noreg, også på områda der engelsk held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta nynorsk eller bokmål i skulen og arbeidslivet.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot ei røyst.

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot åtte røyster.

---

Nr:	11-02	
Fremja av:	Førenamn Sogndal Mållag	Etternamn
Linenummer/ paragraf:	26 og 27	
Framlegg:	Endra til: Endre slutten av setninga til: «også på områda der bruken av engelsk aukar på kostnad av norsk.»	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist.	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken samrøystes.

---

Nr:	11-03	
Fremja av:	Førenamn Jorunn Ingeborg Tone Mads Ingunn Kari de la Hans Olav N.	Etternamn Aarsby Dahl Rage Nesheim Cour Karlsen
Linenummer / paragraf:	26 og 27	
Framlegg:	Endra til: «Nynorsk og bokmål skal halda fram med å vera dei samfunnsberande språka i Noreg, også på områda der engelsk held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta norsk språk i norsk skule og arbeidsliv»	

Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist til fordel for framlegg frå nemnda
-------------------	---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken samrøystes.

Nr:	11-04	
Fremja av:	Førenamn Odda Mållag	Etternamn
Linenummer/ paragraf:	26 og 27	
Framlegg:	Endra til: Nynorsk og bokmål skal halda fram med å vera dei samfunnsberande språka i Noreg,	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot to røyster	

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot fem røyster.

Nr:	11-05	
Fremja av:	Førenamn Bærum Mållag	Etternamn
Linenummer / paragraf:	26 og 27	
Framlegg:	Endra til: Norsk skal halda fram med å vera det samfunnsberande språket i Noreg. Noregs Mållag vil stå fremst i kampen for å hindra at engelsk tek over viktige domene, som akademia og forretningsliv. Alle skal ha rett til å nytta norsk språk i norsk skule og arbeidsliv.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot to røyster.

Nr:	11-06	
Fremja av:	Førenamn Anne S.	Etternamn Nordal

Linenummer/ paragraf:	27
Framlegg:	Endra til: Alle skal ha rett til å nytte norsk språk, nynorsk og bokmål, i norsk skule og arbeidsliv.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot tre røyster.

---

Nr:	11-07	
Fremja av:	Førenamn Nemnda	Etternamn
Linenummer / paragraf:	26 og 27	
Framlegg:	Endra til: Før komma i setninga på linje 26: « Noregs Mållag skal stå fremst i kampen for å hindra at engelsk tek over viktige domene. Alle skal ha rett til å nytta norsk språk i norsk skule og arbeidsliv.»	
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke (samrøystes)	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot ei røyst.

---

Nr:	12-01	
Fremja av:	Førenamn Odda Mållag	Etternamn
Linenummer / paragraf:	29	
Framlegg:	Endra til: Vi må kunna bruka nynorsk og talemålet vårt i alle digitale samanhengar. Programvare må vera tilgjengeleg også på nynorsk.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot ei røyst.

---

Nr:	12-02
Fremja av:	Førenamn Erlend Etternamn Bakke
Linenummer / paragraf:	29
Framlegg:	Endra til Vi skal kunna bruka nynorsk og talespråket vårt i alle digitale samanhengar i Noreg. Nynorsk skal vera likestilt med bokmål i den digitale språkutviklinga.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken samrøystes.

---

Nr:	13-01
Fremja av:	Førenamn Erlend Etternamn Bakke
Linenummer / paragraf:	33
Framlegg:	Endra til: Å kunna nynorsk er ein føresetnad for å kunna velja fritt mellom nynorsk og bokmål. Alle skal ha rett til fullgod opplæring i og på nynorsk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot to røyster.

---

Nr:	13-02
Fremja av:	Førenamn Stephen Etternamn Walton
Linenummer / paragraf:	34
Framlegg:	Stryk: Ordet «elevane»
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken samrøystes.

---

Nr:	14-01	
Fremja av:	Førenamn Odda Mållag	Etternamn
Linenummer/ paragraf:	35	
Framlegg:	Legg til: For å kunna bli trygge i skriftsråket sitt er det viktig at nynorskelevane får høyre saman som gruppe gjennom heile grunnskulen. Denne retten må lovfestast og elevar i grunnskulen har ikkje høve til å byta skriftspråk.	
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot ei røyst.

---

Nr:	14-02	
Fremja av:	Førenamn Noregs lærarmållag	Etternamn
Linenummer / paragraf:	35	
Framlegg:	Stryk / endra til / legg til: , slik at dei kan bli trygge nynorskbrukarar. Då blir formueringa slik: Alle elevane skal ha rett til fullgod opplæring i og på nynorsk slik at dei kan bli trygge nynorskbrukarar.	
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot sju røyster.

---

Nr:	14-03	
Fremja av:	Førenamn BUL Stavanger	Etternamn
Linenummer/ paragraf:	35	

Framlegg:	Stryk / endra til / legg til: For å kunna bli trygge i skriftsråket sitt er det viktig at nynorskelevane får høyre saman som gruppe gjennom heile grunnskulen.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot seks røyster.

---

Nr:	14-04	
Fremja av:	Førenamn Øystein Lydik Idsø	Etternamn Viken
Linenummer / paragraf:	35	
Framlegg:	Legg til: "Studentar skal ha rett til å møte nynorsk på alle plattformar"	
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot ni røyster.

---

Nr:	15-01	
Fremja av:	Førenamn Erlend	Etternamn Bakke
Linenummer / paragraf:	38	
Framlegg:	Stryk / endra til / legg til: Dei nynorske dialektane er det historiske grunnlaget for nynorsken.	
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist mot ei røyst	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot åtte røyster.

---

Nr:	15-02	
Fremja av:	Førenamn Kristofer Olai Ravn	Etternamn Stavseng

Linenummer / paragraf:	38
Framlegg:	Endra første setning til: Det å kunna bruka sitt eige talemål er ein styrke for demokratiet.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot seks røyster.

---

Nr:	16-01																
Fremja av:	<table> <tr> <td>Førenamn</td> <td>Etternamn</td> </tr> <tr> <td>Jorunn Ingeborg</td> <td>Aarsby</td> </tr> <tr> <td>Tone</td> <td>Dahl</td> </tr> <tr> <td>Mads</td> <td>Rage</td> </tr> <tr> <td>Ingunn</td> <td>Nesheim</td> </tr> <tr> <td>Kari de la</td> <td>Cour</td> </tr> <tr> <td>Hans Olav N.</td> <td>Karlsen</td> </tr> <tr> <td>Odda Mållag</td> <td></td> </tr> </table>	Førenamn	Etternamn	Jorunn Ingeborg	Aarsby	Tone	Dahl	Mads	Rage	Ingunn	Nesheim	Kari de la	Cour	Hans Olav N.	Karlsen	Odda Mållag	
Førenamn	Etternamn																
Jorunn Ingeborg	Aarsby																
Tone	Dahl																
Mads	Rage																
Ingunn	Nesheim																
Kari de la	Cour																
Hans Olav N.	Karlsen																
Odda Mållag																	
Linenummer / paragraf:	41																
Framlegg:	Stryk / endra til / legg til: Noregs Mållag vil tilskunda bruk av normert nynorsk tale i media, skule og kyrkje.																
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist																

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot åtte røyster.

---

Nr:	16-02				
Fremja av:	<table> <tr> <td>Førenamn</td> <td>Etternamn</td> </tr> <tr> <td>Tove Karina</td> <td>Eidhammer</td> </tr> </table>	Førenamn	Etternamn	Tove Karina	Eidhammer
Førenamn	Etternamn				
Tove Karina	Eidhammer				
Linenummer/ paragraf:	41				
Framlegg:	Endra til: "Noregs Mållag stør bruk av normert nynorsk tale i media, skule og kyrkje."				
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist				

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot seks røyster.

---

Nr:	16-03	
Fremja av:	Førenamn Håkon	Etternamn Remøy
Linenummer / paragraf:	41	
Framlegg:	Legg til: «... tale, både i media, kyrkja og skulen. Den normerte talen skal fungera som eit ryggstø for skriftmålet og dialektane.»	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot tre røyster.

---

Nr:	16-04	
Fremja av:	Førenamn Håkon	Etternamn Remøy
Linenummer / paragraf:	41	
Framlegg:	Stryk / endra til / legg til: Framlegget til prinsippprogrammet går ut på å ta line 310–314 i Langeland-framlegget og implementera det i styreframlegget. Som konsekvens stryk ein «Noregs Mållag stør bruk av normert nynorsk tale.», so det ikkje vert ståande dobbelt:  <b>Normert nynorsk tale</b>  Normert nynorsk tale er ein naturleg del av eit samfunnsberande, fullverdigt nasjonalt hovudspråk og kan i sin tur vera eit viktig ryggstø for skriftmålet og dialektane.  Normert nynorsk tale må tuftast på delar av tradisjonell dialektuttale, ikkje på bokmålsuttale.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot tre røyster.

---



Nr:	17-01	
Fremja av:	Førenamn Rasmus Tennø Dordi Frida Pernille Christoph Anna Rebekka Hugøy	Etternamn Loe Lerum Mikkelsen Franzen Rekdal Hovland
Linenummer / paragraf:	43	
Framlegg:	Endra til: Det norske språkmangfaldet.	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot to røyster	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot 18 røyster.

---

Nr:	17-02	
Fremja av:	Førenamn Rasmus Tennø Frida Pernille Rebekka Hugøy	Etternamn Loe Mikkelsen Hovland
Linenummer / paragraf:	44	
Framlegg:	Stryk: mindretals- og	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot ei røyst	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken samrøystes.

---

Nr:	17-03	
Fremja av:	Førenamn Odda Mållag	Etternamn
Linenummer / paragraf:	44 og 45	

Framlegg:	Stryk: «og står solidarisk med andre språkorganisasjonar i kampen for språkmangfald i Noreg».
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot ei røyst.

---

Nr:	17-04	
Fremja av:	Førenamn May Britt	Etternamn Jensen
Linenummer / paragraf:	45	
Framlegg:	Endra til: språkmangfald i verda. I Noreg gjeld det særleg dei samiske (..... )	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot to røyster.

---

Nr:	17-05	
Fremja av:	Førenamn Berit	Etternamn Bjørlo
Linenummer / paragraf:	45	
Framlegg:	Stryk: «i Noreg»	
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist	

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken mot to røyster.

---

Nr:	17-06	
Fremja av:	Førenamn Erlend	Etternamn Bakke

Linenummer / paragraf:	44 og 45
Framlegg:	Endra til: Noregs Mållag stør brukarane av mindretalspråk og minoritetsspråk i kampen deira for språklege rettar. Vi står solidarisk med andre språkorganisasjonar i kampen for språkmangfald i Noreg.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken samrøystes.

---

Nr:	17-08														
Fremja av:	<table> <tr> <td>Førenamn</td> <td>Etternamn</td> </tr> <tr> <td>Rasmus Tennø</td> <td>Loe</td> </tr> <tr> <td>Frida Pernille</td> <td>Mikkelsen</td> </tr> <tr> <td>Anna</td> <td>Rekdal</td> </tr> <tr> <td>Christoph</td> <td>Franzen</td> </tr> <tr> <td>Tobias Christensen</td> <td>Eikeland</td> </tr> <tr> <td>Rebekka Hugøy</td> <td>Hovland</td> </tr> </table>	Førenamn	Etternamn	Rasmus Tennø	Loe	Frida Pernille	Mikkelsen	Anna	Rekdal	Christoph	Franzen	Tobias Christensen	Eikeland	Rebekka Hugøy	Hovland
Førenamn	Etternamn														
Rasmus Tennø	Loe														
Frida Pernille	Mikkelsen														
Anna	Rekdal														
Christoph	Franzen														
Tobias Christensen	Eikeland														
Rebekka Hugøy	Hovland														
Linenummer / paragraf:	45 og 46														
Framlegg:	Endra til: Det gjeld særleg dei samiske språka, norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes.														
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke														

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken samrøystes.

---



---

Vedtak om heilskapen:

Nytt prinsippprogram for Noregs Mållag vart samrøystes vedteke.

---

# SAK 9 Økonomi

## Dagleg leiar Gro Morken Endresen la fram økonomisakene.

Denne saka inneheld tre vedtakspunkt:

- 9.1 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2024–2026
- 9.2 Årspengar for 2024 og 2024
- 9.3 Budsjett for 2023 og 2024
  - merk at Hordaland Mållag har levert inn eit framlegg som gjeld budsjettet, det følgjer nedst.

93 Replikk: Magnar Storøy, Sunnmøre Mållag

Gro Morken Endresen svara på replikken.

127 Mariann Løkse, Tromsø Mållag

71 Øystein Skjæveland, Hordaland Mållag

79 Knut O. Dale, Odda Mållag

58 Magne Viggo Høyland, Jæren Mållag

Oppsummering ved Gro Morken Endresen.

Påminningar og informasjon om program, saksgang og fristar frå ordstyrar.

## 9.1 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2024–2026

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2024–2026 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i lønssteg 64–79 i statsregulativet. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.*

### Vedtak:

**Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2024–2026 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i lønssteg 64–79 i statsregulativet. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.**

## 9.2 Årspengar for 2024 og 2025

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Årspengane for 2024 og 2025 blir sette til 310 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 40 kroner og tilrådd lokallagssats er 60 kroner.*

### Vedtak:

Årspengane for 2024 og 2025 blir sette til 310 kroner i ordinær sentralsats. Tiltrådd fylkessats er 40 kroner og tiltrådd lokallagssats er 60 kroner.

### 9.3 Budsjett for 2023 og 2024

#### BUDSJETTFRAMLEGG frå styret i Hordaland Mållag

##### **Randsonepott – til styrking av skulemålsarbeidet i randsonene**

Nynorsk er stadig under press frå bokmålsdominansen i byane, anten det er i områda rundt Stavanger eller Bergen, eller i andre bynære område. I det gjeldande arbeidsprogrammet til Noregs Mållag står det at nynorsk er konsolidert i kjerneområde, men at det er større press på nynorsken «[i] randsonene i Agder-fylka, Telemark, Hallingdal, Valdres, Nord-Gudbrandsdalen, på Nordmøre, i Romsdal og rundt byane på Vestlandet.» Her bør både fylkeslag og lokallag jobba målretta for å sørgja for at foreldra til skuleborn vel nynorsk, og for å hindra målbyte blant ungdomen, både på ungdomsskulen og vidaregåande.

For å støtta fylkeslag og lokallag i arbeidet deira for å fremja nynorsk skulemål i randsonene, vil landsmøtet løyva ein årleg randsonepott på minst 300.000 til 500.000 kroner. Randsonepotten skal inntil vidare lysast ut ein gong i året. Det sikrar langsiktige og stabile rammer for det skulemålsarbeidet som løyvinga gjev rom for.

I ein periode med medlemsauke og vekst i inntektene til Noregs Mållag, der ein har gått frå 13.581 medlemmar i 2019 til 15.483 medlemmar i 2021, bør dette gje meir ressursar til å styrkja innsatsen i randsonene.

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2023 og 2024 som er lagde fram med årsresultat på - 259 000 kr og -357 000 kr.*

#### **Vedtak:**

**Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2023 og 2024 som er lagde fram med årsresultat på - 259 000 kr og -357 000 kr.**

#### **Innstillingar frå redaksjonsnemnda for fråsegner og økonomi Sak 9**

Nr:	09-01
Fremja av:	Øystein Skjæveland
Tillegg	Tillegg til vedtaksframlegget frå styret
Framlegg:	Når ordninga med stønad til fylkeslag i randsonene vert sett i verk frå 2023, skal det lagast til eit samrådsmøte med desse laga, så pengane kan nyttast med mest mogeleg verknad.

Nemndinnstilling	Tilrådd avvist
------------------	----------------

Kjetil Aasen tok ordet.

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 8 røyster.

---

Hege Lothe fekk ordet til orientering om nynorskdagen, 12. mai.

# SAK 10 Arbeidsprogram for 2022–2026

Møtet opna klokka 09.00

Møtelyden song “Hu hei, kor er det vel friskt og lett”.

Forfattar Anfinn Kolerud kom med ymse tips til arbeidsprogrammet og las frå boka “Når ein fyrst skal skyte nokon”.

Presisering frå Inger Johanne Sæterbakk om tittel på innstillinga frå redaksjonsnemnda for prinsippprogrammet.

## **Synnøve Marie Sætre innleia om arbeidsprogrammet frå 09.14.**

Gruppeordskifte etter same grupper som i dagen før.

Opplesing ved forfattar Arnfinn Kolerud frå boka “Kom ikkje inn i mitt hus”, som også hadde fleire framlegg til arbeidsprogrammet.

Plenumsordskifte frå kl 11.24.

Desse hadde ordet:

Nr: 98 Cecilie Solli, Giske Mållag

Nr. 116 Nils Ulvund, Sunndal Mållag

Nr: 12 Silje Nathalie Luvåsen, Hamar dialekt- og mållag

Nr: 39 Janne Nygård, Oslo Mållag

Nr: 27 Lars Meling, Fylkesmållaget Vikværingen

Nr: 132 Magne Aasbrenn, Fredrikstad Mållag

Nr: 34 Håkon Remøy, Oslo Mållag

Nr: 18 Aud Søyland, Nord-Aurdal Mållag

Nr: 71 Øystein Skjæveland, Hordaland Mållag

Nr: 68 Sahra Torsvik, Hordaland Mållag

Nr 74, Marta Nagel-Alne, Hordaland mållag

Nr: 85 Anne Lise Grøm, Øygarden Mållag

Nr: 6 Kjetil Aasen, styret

Nr 81 Bjørg Eli Eide, Bergen Mållag

Nr: 137 Solveig Brunvoll, Juristmållaget

Nr 138 Olav Helge Øwre, Noregs Lærarmållag

Nr: 99 Anne Steinsvik Nordal, Volda Mållag

Nr: 126 Magne Heide, Troms og Finnmark Mållag

Nr: 127 Mariann Løkse Tromsø Mållag

Nr: 105 Monika Haanes Waagan, Herøy Mållag

Nr: 103 Berit Bjørlo, Sykkylven Mållag

Nr: 23 Jon Låte, Fylkesmållaget Vikværingen

Nr: 13 Brynhild Marie Foss, Gausdal Dialekt- og mållag

Nr: 49 Borghild Løver, Vest-Agder mållag

Nr : 41 Stephen Walton, Seljord Mållag

Nr: 87 Karl Peder Mork, Sogndal mållag

Nr: 90 Inger Maria Sande, Gloppen Mållag

Nr: 63 Marie Jahren Fludal, Sveio Mållag

Nr: 143 Ådne Reidar Nes Kleppe, Norsk Målungdom

Nr: 73 Oddvar Skre, Hordaland Mållag

Nr: 72 Astrid Olsen, Hordaland Mållag

Nr: 70 Erlend Bakke, Hordaland Mållag

Nr: 106 Sæmund Helde, Herøy Mållag  
 Nr: 45 Helge Ove Tveiten, Austagderlaget  
 Replikk nr: 70 Erlend Bakke, Hordaland Mållag  
 Nr: 121 Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag  
 Nr: 122 Jakob Bjerkem, Mållaget Sparbyggjen  
 Nr: 148 Christoph Franzen, Studentmållaget i Oslo  
 Nr: 124 Lars Moa, Stjørdal Mållag  
 Nr: 79 Knut O. Dale, Odda Mållag  
 Nr: 46 Lars Olav Karlsen, Grimstad dialekt- og mållag  
 Nr: 72 Astrid Olsen, Hordaland Mållag  
 Nr: 98 Cecilie Solli, Giske Mållag  
 Nr 143 Ådne Reidar Nes Kleppe, Norsk Målungdom  
 Nr: 78 Ingrid Jøsendal , Odda Mållag  
 Nr: 1 Peder Lofnes Hauge, styret  
 Synnøve Marie Sætre oppsummerte ordskiftet. Til kl 12.58.

Sundag la Synnøve fram nemndsinnstillingane etter kaffipause 11.16.

Desse teikna seg til oppklårande spørsmål:

98 Cecilie Solli, Giske Mållag  
 126 Magne Heide, Troms og Finnmark Mållag  
 2 Synnøve Marie Sætre, styret  
 27 Lars Meling, Fylkesmållaget Vikværingen  
 Replikk: 2 Synnøve Marie Sætre, styret  
 121 Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag  
 Replikk: 2 Synnøve Marie Sætre, styret  
 Svarreplikk: 121 Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag

Vedtak sundag:

## Endringframlegg til arbeidsprogrammet

Eit framlegg frå Ingvild Jøsendal, Odda Mållag, kom ikkje med i heftet. Dette endringsframlegget gjeld line 398, om stat (og slikt) og handlar om parallellutgåver av lover på nynorsk og bokmål. Vedtaket på dette framlegget er oppriffsført lengre ned i dokumentet.

Nr:	1-A
Fremja av:	Marianne Løkse
Linenummer/ paragraf:	Line 16 til 18
Framlegg:	Stryk line 16-18
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist



---

Vedtak: Innstillinga vedteken.

---

Nr:	1-B
Fremja av:	Marianne Løkse
Linenummer/ paragraf:	16 - 18
Framlegg:	Endra til: Nedgangen i talet på nynorskelevar er i stort monn eit resultat av demografiske endringar. Noregs mållag må difor stø tiltak og politikk som gjer det attraktivt å bo, arbeide og være nynorskbrukar i både by og bygd, så lenge denne politikken eller desse tiltaka ikkje er i strid med FNs berekraftsmål.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga vedteken mot 3 røyster

---

Nr:	2
Fremja av:	Sveio Mållag
Linenummer/ paragraf:	30
Framlegg:	Nytt punkt: Arbeidsprogrammet dannar grunnlaget for kva for saker organisasjonen skal arbeide for i perioden
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot ei røyst

---

Vedtak: Innstillinga vedteken mot 3 røyster

---

Nr:	3
Fremja av:	Nordmøre Mållag, Sunnmøre Mållag, Sunndal Mållag, Herøy Mållag, Varanger Mållag og Seljord Mållag
Linenummer/ paragraf:	61
Framlegg:	Set inn ette "medlemer og lag": Det må vere ei særleg oppgåve for Noregs Mållag å rekruttere fleire medlemmer mellom personar med minoritetsbakgrunn.

Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke
------------------	-----------------

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken

---

Nr:	4
Fremja av:	Bjørge Eli Eide
Linenummer/ paragraf:	84 og 85
Framlegg:	Legg til:"Påverknad frå engelsk startar tidleg. Allerede i barnehagen må ein arbeide for å demme opp for påverknad frå engelsk."
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 12 røyster

---

Nr:	5
Fremja av:	Noregs Lærarmållag
Linenummer/ paragraf:	67 til 69
Framlegg:	Byte ut andre setninga med: Korleis born vert møtte som nynorskelevar, er avgjerande for om ein klarer å halde på desse borna som nynorskbrukarar livet ut. Korleis born møter nynorsk som sidemål, er avgjerande for om dei vel å byte hovudmål til nynorsk seinare.
Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vedteken mot 5 røyster

---

Nr:	6
Fremja av:	Åse Marie Longva, Molde Mållag (på vegne av gruppa)
Linenummer/ paragraf:	89

Framlegg:	Nytt punkt: Barnehageborn har tileigna seg engelsk gjennom bruk av sosiale media. Dette må vere løfta opp i utfordringane og ute mellom tilsette i barnehagane. Arbeid med å motverke at engelske ord tek over for norske ord i dagleg tale blir viktig.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	7
Fremja av:	Astrid Olsen
Linenummer/ paragraf:	97
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Komande 1. klasseforeldrar i randsona må prioriterast slik at dei får informasjon og oppmoding om å velja nynorsk for dei nye unge skuleborna.
Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken samrøystes

---

Nr:	8
Fremja av:	Marianne Løkse
Linenummer/ paragraf:	98
Framlegg:	Første setning, endrast til: Nynorskelevar og bokmåselevar må få moglegheit til å få gå i ulike grupper heile grunnskolen.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 2 røyster

---

Nr:	9
Fremja av:	Norsk Lærarmållag

Linenummer/ paragraf:	101
Framlegg:	Ny formulering på andre kulepunkt, andre setning: Eksamen i sidemål i vidaregåande skole skal vere obligatorisk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga vedteken samrøystes

---

Nr:	10-A
Fremja av:	Nordmøre Mållag, Sunnmøre Mållag, Sunndal Mållag, Herøy Mållag, Varanger Mållag og Seljord Mållag
Linenummer/ paragraf:	103
Framlegg	Endre "det må vere" til "det må lovfestast"
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken

---

Nr:	10-B
Fremja av:	Kjetil Aasen
Linenummer/ paragraf:	103 og 104
Framlegg:	Endra til: "Ordninga med rådgjevande skulemålsrøystingar skal vidareførast. Likevel skal det ikkje vere høve til til å endre skulemålet frå nynorsk til bokmål dersom det er fleirtal for nynorsk i røystinga. Det må uansett vere to tredjedels fleirtal i kommunestyret for å endre skulemålet frå nynorsk til bokmål."
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 1 røyst

---

Nr:	11
Fremja av:	Oddvar Skre

Linenummer/ paragraf:	109
Framlegg:	Erstatt kulepunkt: Dei største byane må ha eit fast tilbod om nynorskklasser dersom det melder seg minst 6 foreldre/elevar.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken mot 13 røyster

---

Nr:	12
Fremja av:	Bærum Mållag, Marnar Mållag, Nord-Aurdal Mållag, Oslo Mållag, Valdres Mållag, Vang Mållag, Vest-Agder Mållag og Ås Mållag
Linenummer/ paragraf:	101
Framlegg:	Nytt punkt: Kravet om at det må vera att 10 elevar med det vedtekne opplæringsmålet i klassen, for at ein kan skipa parallellklasse, må koma attende.
Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga vedteken mot 1 røyst

---

Nr:	13
Fremja av:	Noregs Lærarmållag
Linenummer/ paragraf:	118
Framlegg:	Erstatte kulepunktet med: sidemålsundervisninga må byrje tidlegare, i tråd med læreplanen, og bli betre
Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 1 røyst

---

Nr:	14
Fremja av:	Nordmøre Mållag, Sunnmøre Mållag, Sunndal Mållag, Herøy Mållag, Varanger Mållag og Seljord Mållag

Linenummer/ paragraf:	123
Framlegg:	Endre til: Fritak for vurdering i sidemål må strammast inn.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 2 røyster

---

Nr:	15-A
Fremja av:	Nord-Aurdal Mållag, Ås Mållag, Marnar Mållag, Vest-Agder Mållag, Vang Mållag, Bærum Mållag, Oslo Mållag og Valdres Mållag
Linenummer/ paragraf:	124
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Kunnskapen om opplæringsrettar for nynorskelevar og plikter for administrasjonen i skulen/kommunen må styrkast
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist til fordel for nemnda sitt framlegg

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken

---

Nr:	15-B
Fremja av:	Nemnda
Linenummer/ paragraf:	124
Framlegg:	Nytt kulepunkt Skuleeigar må få styrka kunnsapen om nynorskelevane sine rettar
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken samrøystes

---

Nr:	16
Fremja av:	Magne Heide

Linenummer/ paragraf:	139 - 140
Framlegg:	Endra til: Skuleeigar må òg sikre at nynorskversjonen vert brukt. <u>For nynorskelevar skal nynorsk</u> vere standardinnstilling på alle digitale læremiddel og læringsverktøy. <u>Bokmåselevar bør også ha moglegheit for nynorske innstillingar, som stønad i sidemålsarbeida.</u>
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 1 røyst

---

Nr:	17
Fremja av:	Sogndal Mållag
Linenummer/ paragraf:	141 - 142
Framlegg:	Endra til: Det må opprettast ei godkjenningssordning som sikrar digitale læremiddel på nynorsk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 6 røyster

---

Nr:	18
Fremja av:	Berit Bjørlo, Sykkylven Mållag
Linenummer/ paragraf:	149
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Kunnskapsdepartementet må syte for kvalitetssikring av det nynorske språket i læremiddel.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken mot 2 røyster

---

Nr:	19
Fremja av:	Noregs Lærarmållag

Linenummer/ paragraf:	171
Framlegg:	Nytt kulepunkt, line 171: Lærarutdanninga må førebu lærarstudentar på å undervise i nynorsk på alle skulesteg og der nynorsk er sidemål, slik læreplanen legg opp til.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken mot 17 røyster

---

Nr:	20
Fremja av:	Ådne Reidar Nes Kleppe
Linenummer/ paragraf:	160
Framlegg:	Legge til "Og i lektorutdanninga 8-13.trinn", i punktet på linje 160.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 12 røyster

---

Nr:	21
Fremja av:	Jorunn S. Thingnes
Linenummer/ paragraf:	161
Framlegg:	Legge til eit kulepunkt slik at setninga i line 161 er eit eige punkt, og ikkje ein del av punktet over.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken samrøystes

---

Nr:	22
Fremja av:	Ingrid Kjønneøy, Nordmøre Mållag



Linenummer/ paragraf:	162
Framlegg:	Legg til: Nytt punkt: Lærarstudentar som ikkje har vurdering i sidemål (nynorsk) i den vidaregåande skulen, må ha eit obligatorisk forkurs i nynorsk.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 8 røyster

---

Nr:	23
Fremja av:	Silje Nathalie Luvåsen
Linenummer/ paragraf:	165 - 166
Framlegg:	legg til: [...] og nynorskkompetansen må kome fram på vitnemålet som eige emne for alle lærarstudentar.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	24
Fremja av:	Bjørge Eli Eide
Linenummer/ paragraf:	171
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Påverknad frå engelsk startar tidleg. For å demme opp for dette er det viktig å gjere lærarstudentane medvitne slik påverknad, og stimulere dei til å gje barn og unge alternativ til engelsk.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 17 røyster

---

Nr:	25
Fremja av:	Noregs Lærarmållag

Linenummer/ paragraf:	171
Framlegg:	Nytt kulepunkt, line 171: Lærerutdanninga må førebu lærarstudentar på å undervise i nynorsk på alle skulesteg og der nynorsk er sidemål, slik læreplanen legg opp til.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Denne er identisk med eit tidlegare framlegg og blir ikkje røysta over.

Nr:	26
Fremja av:	Christoph Franzen, Frida Pernille Mikkelsen, Anna Rekdal, Ådne Reidar Nes Kleppe, Rebekka Hugøy Hovland (NMU)
Linenummer/ paragraf:	173
Framlegg:	Endre setninga til: "Alle nynorskkommuner skal ha nynorsk som opplæringspråk for vaksne innvandrarak, samstundes som alle innvandrarak skal få tilbod om opplæring i nynorsk."
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 31 røyster

---

Nr:	27
Fremja av:	Nidaros Mållag og Steinkjer Mållag
Linenummer/ paragraf:	182
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Jamvel i bokmålsdominerte kommunar må opplæringa syta for grunnleggjande nynorskkunnskapar.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstilling er vedteken mot 8 røyster

---

Nr:	28
-----	----

Fremja av:	Nidaros Mållag og Steinkjer Mållag
Linenummer/ paragraf:	183
Framlegg:	legg til: Offentlege aktørar (t.d. universitet) som utviklar norskspråklege læremiddel, medrekna for opplæring i norsk som andrespråk, må gjera dei tilgjengelege på både nynorsk og bokmål.
Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	29
Fremja av:	Nordmøre Mållag, Sunnmøre Mållag, Sunndal Mållag, Herøy Mållag, Varanger Mållag, Seljord Mållag
Linenummer/ paragraf:	184
Framlegg:	endra frå "arbeidsinnvandring" til "innvandring"
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 4 røyster

---

Nr:	30
Fremja av:	Marta Nagel-Alne
Linenummer/ paragraf:	184
Framlegg:	Legg til nytt punkt <ul style="list-style-type: none"> <li>• Store digitale språklæringsplattformer, også frå private aktørar, skal liggja føre på nynorsk.</li> </ul>
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 24 røyster

---

Nr:	31-A
Fremja av:	Erlend Bakke
Linenummer/ paragraf:	190 til 192
Framlegg:	endra til Norsk språk og norsk fagspråk (bokmål og nynorsk) er under press i akademia. Engelsk er meir og meir brukt både i pensumlitteratur, i undervisning og i vitskapeleg arbeid. Det er viktig at norsk fagspråk vert utvikla og brukt i høgare utdanning, og særleg viktig at studentane møter nynorsk i studiekvardagen.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist for B

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken

---

Nr:	31-B
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	190 til 194
Framlegg:	Endra til: Norsk språk er under press i akademia, særleg nynorsk. Engelsk er meir og meir brukt både i pensumlitteratur, i undervisning og i vitskapeleg arbeid. Det er viktig at norsk fagspråk vert utvikla og brukt i høgare utdanning.(NY FORMULERING:) dette gjeld særleg nynorsk fagspråk. Studentane må få møte nynorsk i studiekvardagen. Utdanningsinstitusjonane skal leggje til rette for at studentane faktisk har høve til å bruke nynorsk på eksamen og i alle innleveringar.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	32
Fremja av:	Solveig Brunvoll v Juristmållaget
Linenummer/ paragraf:	194
Framlegg:	Legge til "Mållaget ynskjer aktivt å følge opp institusjonane i dette arbeidet, og kome med råd om korleis ein best mogeleg følger opp

	studentar som har nynorsk som hovudmål.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 16 røyster

---

Nr:	33
Fremja av:	Ådne Reidar Nes Kleppe
Linenummer/ paragraf:	197
Framlegg:	Legge til punktet "Brot på språklova må få konsekvensar for utdanningsinstitusjonane", i punktet på linje 197.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 22 røyster

---

Nr:	34
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	198
Framlegg:	Endra til: Høgare utdanning må ta større ansvar for å ta vare på og vidareutvikle norsk fagspråk, både bokmål og nynorsk.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 5 røyster

---

Nr:	35
Fremja av:	Erlend Bakke, Hordaland Mållag
Linenummer/ paragraf:	199 - 200

Framlegg:	Endra til Universitets- og høgskulesektoren må ha strategiar som særleg fremjar nynorsk ved institusjonane, både som fagspråk og som administrasjonsspråk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 10 røyster

---

Nr:	36
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	203 - 204
Framlegg:	Endre til: Universitet og høgskular må stille krav til at utanlandske forskarar som blir tilsette, skal lære seg norsk innan ei viss tid, slik at dei kan undervise og formidle på norsk, <a href="#">bokmål eller nynorsk</a> .
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga vedteken mot 3 røyster

---

Nr:	37-A
Fremja av:	Øystein Lydik Idsø Viken
Linenummer/ paragraf:	206
Framlegg:	Legg til kulepunkt: Finansieringsmodellen for sektoren må endrast, så institusjonane blir betre premierte for at forskarar publiserer på nynorsk og bokmål.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist til fordel for B

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken

---

Nr:	37-B
Fremja av:	Anne Steinsvik Nordal
Linenummer/ paragraf:	207

Framlegg:	Legg til: Finansieringssystemet i høgare utdanning må premiere formidling til ålmenta og utgjeving av lærebøker, <u>avhandlingar og forskingsrapportar</u> på norsk, særleg nynorsk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	38-A
Fremja av:	Erlend Bakke, Hordaland Mållag
Linenummer/ paragraf:	215
Framlegg:	Endra til: Studentane skal møte pensum på bokmål og nynorsk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist til fordel for B

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken

---

Nr:	38-B
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	215
Framlegg:	Endra til: Studentane skal møte pensum på norsk, og ein <u>større</u> del av pensumet <u>må</u> vere på nynorsk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	39
Fremja av:	Øystein Lydik Idsø Viken
Linenummer/	216

paragraf:	
Framlegg:	Nytt kulepunkt Læringsplattformer må finnast på nynorsk. Den digitale kommunikasjonen retta mot studentane må iallefall delvis går føre seg på nynorsk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 8 røyster

---

Nr:	40
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	232 - 233
Framlegg:	Endra til <a href="#">Tilsette ved NRK sine distriktskontor bør oppmodast til å bruke dialekt eller normert nynorsk i munnlege samanhengar</a> . NRK <u>må</u> sikre at nynorsk vert brukt av alle distriktskontor <a href="#">på ulike plattformar</a> , og distriktskontora i nynorskområda <a href="#">bør</a> ha eit særleg ansvar for å bruke nynorsk <a href="#">på alle plattformar</a> .
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 7 røyster

---

Nr:	41
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	238
Framlegg:	leggje til: NRK bør i større grad rekruttere reporterar som brukar nynorsk og dialekt.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: vedteken mot 11 røyster

---

Nr:	42
-----	----



Fremja av:	Oddvar Skre
Linenummer/ paragraf:	239
Framlegg:	Nytt punkt: Så langt som råd bør fjernsynsprogram der intervujaren og intervjuobjektet talar nynorsk eller nynorskknær dialekt blir teksta på nynorsk.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 14 røyster

---

Nr:	43
Fremja av:	Anne Buset Vassbotn, Hordaland Mållag / Monika H. Waagan, Herøy Mållag
Linenummer/ paragraf:	251
Framlegg:	Endra til: Norske styresmakter må arbeide for at internasjonale selskap sikrar nynorskversjonar av dei digitale plattformene, og at søkjemotorane likestiller nynorsk og bokmål i søk og søketreff.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 15 røyster

---

Nr:	44
Fremja av:	Anne Buset Vassbotn, Hordaland mållag
Linenummer/ paragraf:	252
Framlegg:	Legg til: Nynorsk må verte eit valbart språk i Google translate.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 31 røyster

---

Nr:	45-A
Fremja av:	Marta Nagel-Alne
Linenummer/ paragraf:	254
Framlegg:	Legg til: dugnader, også for andre plattformer
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist for nemnda sitt framlegg

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken

---

Nr:	45-B
Fremja av:	Nemnda
Linenummer/ paragraf:	254
Framlegg:	Bytt ut Facebook og Wikipedia med "Mange digitale tenester"
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 1 røyst

---

Nr:	46
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	257 - 260
Framlegg:	Endra til: Språket i pressa er viktig for at nynorsk skal vere synleg i ålmenta. Fleire riksaviser har opna for nynorsk på redaksjonell plass. Nynorsken finn me i størst grad i dei riksdekkjande meiningsberande avisene og i regions- og lokalaviser. (TILLEGG:) <a href="#">Men framleis forbyr ein del aviser journalistar å bruke nynorsk, og omset nynorsk-tekstar til bokmål</a> . Særleg den rike lokalavisfloraen i Noreg er viktig for å halde oppe statusen til og bruken av nynorsk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 4 røyster

---

Nr:	47
Fremja av:	Lars Moa, Stjørdal Mållag
Linenummer/ paragraf:	264
Framlegg:	Endra til: Det må bli meir nynorsk i avisene, både riksaviser og lokalaviser, og alle avisene må opne for nynorsk på redaksjonell plass.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	48
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	264 - 265
Framlegg:	Legg til: Alle journalistar som ønsker å skrive nynorsk, må få høve til dette i riks- og lokalavisene.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 41 røyster

---

Nr:	49
Fremja av:	Knut O. Dale

Linenummer/ paragraf:	273
Framlegg:	Legg til: lokalradioane skal få statsstøtte
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 3 røyster

---

Nr:	50
Fremja av:	Lars Moa, Stjørdal Mållag
Linenummer/ paragraf:	273
Framlegg:	Nytt punkt: Redaktørane i medlemsblad må oppfordrast til å sørge for at blada har mykje meir stoff på nynorsk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 15 røyster

---

Nr:	51
Fremja av:	Silje Nathalie Luvåsen
Linenummer/ paragraf:	273
Framlegg:	Nytt punkt: Alle som får pressestøtte, må nytte minst 25 % nynorsk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 47 røyster

---

Nr:	52
Fremja av:	Anne Lise Grøm, Øygarden

Linenummer/ paragraf:	274
Framlegg:	Ny overskrift 4.4 line 274: Litteratur, musikk og bibliotek
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 17 røyster

---

Røysteteljing: Teljekorpset talde fyrst 161 røysteføre i salen. Skrivarstova melder at talet ikkje kan stemme, og teljekorpset gjer ei ny teljing. Det endelege resultatet frå teljinga er 138 røysteføre i salen.

Nr:	53
Fremja av:	Astrid Olsen
Linenummer/ paragraf:	280 - 281
Framlegg:	Tilegg til andre kulepunkt: Til dømes særskilde stønadsordningar dersom eit forlag vil omsetja framandspråkleg litteratur (digitalt og på papir)
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 2 røyster

---

Nr:	54
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	282
Framlegg:	Endra til: Ein må sikre at bokhandlarane tek inn og profilerer nynorskbøker, særleg i nynorskområde, <a href="#">men også elles i landet</a> .
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 5 røyster

---

Nr:	55
Fremja av:	Arbeidsgruppe 1-2 bakarst til høggre i salen ved skrivar Magne Aasbrenn

Linenummer/ paragraf:	282
Framlegg:	Sette inn bibliotek her, slik at kulepunktet blir <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein må sikre at bokhandlarane og biblioteka tek inn og profilerer nynorsk-bøker, særleg i nynorskområde.</li> </ul>
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 27 røyster

---

Nr:	56
Fremja av:	Janne Nygård, Oslo mållag
Linenummer/ paragraf:	285
Framlegg:	Endre setninga til: Barne- og ungdomslitteratur som er omsett til nynorsk og nynorsk sakprosa for barn og unge må kome inn i ei automatisk innkjøpsordning
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	57
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	290
Framlegg:	Endre til: Skuleelevar må ha tilgang til gode skulebibliotek <u>med nynorske bøker</u> .
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 12 røyster

---

Nr:	58
-----	----

Fremja av:	Nordmøre Mållag, Sunnmøre Mållag, Sunndal Mållag, Varanger Mållag, Herøy Mållag og Seljord Mållag
Linenummer/ paragraf:	293
Framlegg:	Nytt punkt 4.4 Det må opprettast ei automatisk innkjøpsordning for nynorsk sakprosa
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 15 røyster

---

Nr:	59
Fremja av:	Anne Lise Grøm, Øygarden
Linenummer/ paragraf:	293
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Det er viktig å fremja bruk av nynorske tekster til korsong og allsong i forsamlingar, og i anna mateirell som musikkforlaga gir ut
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 17 røyster

---

Nr:	60
Fremja av:	Sahra Torsvik/Hordaland mållag/Øygarden mållag
Linenummer/ paragraf:	274
Framlegg:	Ny overskrift: 4.4 Litteratur, bibliotek og museum
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 22 røyster

---

Nr:	61
Fremja av:	Sahra Torsvik/Hordaland mållag/Øygarden mållag

Linenummer/ paragraf:	294
Framlegg:	nytt kulepunkt: Museum som driv formidling retta mot elevar i skulen bør ta eit særleg ansvar for å drive ein demokratisk språkpolitikk og synleggjere nynorsk i sine institusjonar.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 39 røyster

---

Nr:	62
Fremja av:	Sahra Torsvik/Hordaland mållag/Øygarden mållag
Linenummer/ paragraf:	294
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Musea som kulturinstitusjonar har kompetanse og eit ansvar for for å ta vare på immateriell kulturarv og det bør difor vere i musea si interesse å bruke det nynorske språket i si verksemd.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 28 røyster

---

Nr:	63
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	302
Framlegg:	Endra til: Det er viktig å stø opp om dei regionale teatera som speler på <b>dialekt og</b> nynorsk og å fremje nyskriven dramatikk <b>på dialekt og</b> nynorsk.
Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 7 røyster

---

Nr:	64
Fremja av:	Lars Meling og Astrid Myhre
Linenummer/	308



paragraf:	
Framlegg:	Tillegg til linje 308: Fremje krav til parallell teksting på nynorsk og bokmål av kinofilmar som får statsstøtte.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 2 røyster

---

Nr:	65
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	308
Framlegg:	Legg til: og filmar må også bli teksta på samisk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 9 røyster

---

Nr:	66
Fremja av:	Bjarte Holmedal, gruppe 3 og 4 bak mot vindauget
Linenummer/ paragraf:	328
Framlegg:	Nytt kulepunkt: arbeide for å gjere det lettare å vera nynorskbrukar i det daglege virke i det private næringslivet.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 12 røyster

---

Nr:	67
Fremja av:	Monika H. Waagan, Herøy Mållag
Linenummer/ paragraf:	328
Framlegg:	Tilleggspunkt: -Arbeide for at det skal vere like enkelt å vere nynorskbedrift som

	bokmålsbedrift.
Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	68
Fremja av:	Monika H. Waagan, Herøy Mållag
Linenummer/ paragraf:	329
Framlegg:	Nytt punkt: -bidra til å bygge eit sterkt nettverk av nynorskbedrifter.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 27 røyster

---

Nr:	69
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	341 - 343
Framlegg:	Endra til: Trudoms- og livssynssamfunn som får statsstøtte, skal møte eit krav om å gje nynorsk trusopplæringsmateriell til born og unge i nynorskområde (TILLEGG:) <u>og andre som ønsker det.</u>
Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 2 røyster

---

Nr:	70
Fremja av:	Cecilie Solli, Giske Mållag
Linenummer/ paragraf:	356
Framlegg:	Legg til: Nynorsk er som skriftspråk ein viktig del av samfunnsplanlegginga i Noreg.

Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist
------------------	----------------

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 3 røyster

---

Nr:	71
Fremja av:	Jørgen Bosoni
Linenummer/ paragraf:	371
Framlegg:	<b>Legg til (etter «... språkplanar.»):</b>  Språklova må ha føresegner om sanksjonar mot brot på språklova.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 17 røyster

---

Nr:	72
Fremja av:	Magne Heide
Linenummer/ paragraf:	383
Framlegg:	Legg til: Alle innbyggjarar som ønsker å bruke nynorsk, må sikrast gode vilkår frå staten, fylkeskommunar og kommunar.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 3 røyster

---

Nr:	73
Fremja av:	Brynhild Marie Foss, Ingunn Nesheim, Helge Tveiten, Kari de la Cour, Mads Rage, Jorunn Årsby og Lars Olav Karlsen
Linenummer/ paragraf:	389
Framlegg:	Nytt punkt: Norsk munnleg tradisjon skal vere avgjerande ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn.

Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist mot ei røyst
------------------	-----------------------------

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 24 røyster

---

Nr:	74
Fremja av:	Helge Ove Tveiten
Linenummer/ paragraf:	404 - 405
Framlegg:	Endra til: Noregs Mållag set pris på at kongehuset vårt har nynorsktalande talsperson, og at kronprinsesse Mette Marit held på kristiansendsdialekten sin. Ein av trontalane i kvar stortingperiode bør vere på nynorsk.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 1 røyst

---

Eit framlegg frå Ingvild Jøsendal, Odda Mållag, kom ikkje med i heftet. Dette endringsframlegget gjeld line 398, om stat (og slikt) og handlar om parallellutgåver av lover på nynorsk og bokmål. Dette framlegget er vist fram på storskjerm, og var ikkje med i heftet.

Nemnda har ikkje gjort ei innstilling på dette framlegget.

Landsmøtet røyster aktivt for framlegget, og legg framlegget til arbeidsprogram til grunn.

---

Vedtak: Framlegget fekk 18 røyster, og fell.

---

Nr:	75
Fremja av:	Bjarte Holmedal, gruppe 3 og 4 bak mot vindauget.
Linenummer/ paragraf:	406
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Noregs Mållag skal arbeide for at statlege, fylkeskommunale og kommunale/interkommunale selskap (og aksjeselskap) skal omfattast av språklova og at dei vert pålagt å nytta minst 25% nynorsk i kommunikasjon med publikum.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: Innstillinga er vedteken mot 7 røyster

---

Nr:	76
Fremja av:	Håkon Remøy
Linenummer/ paragraf:	427
Framlegg:	Nytt punkt: Staten skal finansiere eit gratis retteprogram for nynorsk og bokmål.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 2 røyster

---

Nr:	77
Fremja av:	Cecilie Solli, Giske Mållag
Linenummer/ paragraf:	431 - 432
Framlegg:	Endra til endre: Det er eit sjølvstendig mål å ha ein sterk og berekraftig organisasjon.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 10 røyster

---

Nr:	78
Fremja av:	Erlend Bakke, Hordaland Mållag
Linenummer/ paragraf:	444
Framlegg:	Nytt punkt: at lokal- og fylkeslaga skipar nettverk for nynorsk i sine område
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 1 røyst

---

Nr:	79
-----	----

Fremja av:	Mariann Løkse, Tromsø mållag
Linenummer/ paragraf:	459
Framlegg:	Endra til: at Norsk Tidend, medlemsavisa for Noregs Mållag, skal kome ut jamleg og at ein legg ein plan for å gjere avisa heildigital, universelt utforma og gratis for alle.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 7 røyster

---

Nr:	80
Fremja av:	Mariann Løkse, Tromsø mållag
Linenummer/ paragraf:	459
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Noregs mållag skal anerkjenne FN's berekraftsmål, og arbeide for at organisasjonen, så langt det er mogleg, skal legge til rette for berekraftige løysingar.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 3 røyster

---

Nr:	81
Fremja av:	Knut O Dale
Linenummer/ paragraf:	460
Framlegg:	Nytt punkt: å få til auka studieaktivitet
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 3 røyster

---

Nr:	82
Fremja av:	Fylkesmållaga i Romsdal og Østfold

Linenummer/ paragraf:	461
Framlegg:	<p>Nytt punkt: <b>7.2. Dialekt</b></p> <p>Fleire stader er dialektane under sterkt press. Mange av lokallaga i NM driv viktig dialektarbeid.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Noregs Mållag skal forsvare dialektar og dialektbruk i det offentlege ordskiftet og rose gode døme på dialektbruk i massemedium, sosiale medium og elles i samfunnslivet.</li> <li>• Noregs Mållag skal dele gode døme på målførearbeid mellom laga våre i ein ressursbank eller liknande, og sentrallekken skal leggje til rette for det.</li> </ul>
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 1 røyst

---

Nr:	83
Fremja av:	Fylkesmållaga i Romsdal og Østfold
Linenummer/ paragraf:	465
Framlegg:	<p>Nytt punkt: <b>7.3. Stadnamnarbeid</b></p> <p>Mange medlemmer er opptekne av å ta vare på den språkarven stadnamna representerer.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Noregs Mållag skal stø opp om stadnamnarbeidet som blir drive i lokal- og fylkeslag.</li> </ul>
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 2 røyster

---

Nr:	84
Fremja av:	Nils Ulvund, Sunndal Mållag
Linenummer/ paragraf:	477
Framlegg:	Legg til: Motivasjonssamlingar for fylkeslag og NM i samarbeid med studieorganisasjonen vår (Kultur og tradisjon).
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 2 røyster

---

Nr:	85-A
Fremja av:	Jon Låte
Linenummer/ paragraf:	477
Framlegg:	nytt kulepunkt: Noregs Mållag skal arbeide for at fylkeslaga skipar til inspirasjonsdagar for lærarar i vidaregåande skule.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist for nemnda sitt framlegg

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken

---

Nr:	85-B
Fremja av:	Nemnda
Linenummer/ paragraf:	477
Framlegg:	Nytt punkt: Noregs Mållag skal arbeide for at fylkeslaga og lokallaga skipar til inspirasjonsdagar for lærarar i vidaregåande skule.
Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	86
Fremja av:	Mariann Løkse, Tromsø mållag
Linenummer/ paragraf:	477
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Noregs mållag skal ha spesielt fokus på haldningsskapande arbeid i område der nynorsk står svakt.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 3 røyster

---



Nr:	87
Fremja av:	Inger Marie Sunde, Gloppen Mållag
Linenummer/ paragraf:	483
Framlegg:	Nytt punkt: Pandemien har fått store konsekvensar for Norsk Målungdom når det gjeld medlemstal og aktivitet. Derfor har Noregs Mållag eit særskilt ansvar for å støtte opp om Norsk Målungdom både økonomisk og organisatorisk i tida som kjem. Utan Norsk Målungdom er framtida til Noregs Mållag usikker. Derfor er det viktig å legge til rette for ny vekst og aktivitet i Norsk Målungdom.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	88
Fremja av:	Trønderlaget, Stjørdal Mållag, Nidaros Mållag, Steinkjer Mållag, Mållaget Sparbyggjen, Naumdøla Mållag
Linenummer/ paragraf:	490
Framlegg:	Nytt punkt: Fram til 2030 skal Noregs Mållag engasjere seg i Nasjonaljubileet for å markere målreisinga som ein vesentleg del av den norske fellesskapen
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	89
Fremja av:	Jakob Bjerkem, Målaget Sparbyggjen
Linenummer/ paragraf:	491
Framlegg:	Nytt punkt: Noregs Mållag legg landsmøtet sitt til Stiklestad i 2030

Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist
------------------	----------------

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 35 røyster

---

Nr:	90-A
Fremja av:	Øystein Skjæveland
Linenummer/ paragraf:	491
Framlegg:	Nytt punkt: Norsk ordbok kom ut i 1873, og har såleis 150-årsjubileum i 2023. Ordboka var ei storhending i norsk søge, og jubileet kan nyttast som eit utgangspunkt for landsdekkjande tiltak som Aasen-året 1996 og språkåret 2013. Føremålet må vera å spreia folkeopplysning, fremja mållaget sin politikk og nå nye målgrupper.
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist for nemnda sitt framlegg

---

Vedtak: Innstillinga vart vedteken

---

Nr:	90-B
Fremja av:	Nemnda
Linenummer/ paragraf:	491
Framlegg:	Nytt punkt: Norsk ordbok kom ut i 1873, og har såleis 150-årsjubileum i 2023.
Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke

---

Vedtak: innstillinga er vedteken

---

Nr:	91
Fremja av:	Cecilie Solli, Giske Mållag
Linenummer/ paragraf:	490

Framlegg:	Nytt hovudpunkt 7.6 Line 491 nytt: 7.6 Berekraft Line 492 nytt: Noregs mållag vil arbeide i tråd med FN sine berekraftsmål som legg til rette for å kunne søke på internasjonale tilskot. <u>Line 493 nytt: Noregs mållag satsar på digitalisering også knytt til berekraft. (Energiforbruket er gigantisk med tanke på drift, transaksjonar og lagring.)</u>
Nemdsinnstilling	Tilrådd avvist

Delar av dette framlegget er trekt (det som er understreka)

---

Vedtak: innstillinga er vedteken mot 28 røyster

---

Nr:	91
Fremja av:	Nemnda
Linenummer/ paragraf:	xx
Framlegg:	Heilskapen
Nemdsinnstilling	

---

Vedtak på heilskapen:

Arbeidsprogrammet er samrøystes vedteke med dei endringane som vart vedtekne i møtet.

---

Ingebjørg Øyehaug frå Ørsta Mållag og Inger Sundnes presenterte informasjon om arbeid med nynorsk næringsliv.

Møtelyden tok lunsjpause søndag klokka 13.30

# SAK 11 Innkomne framlegg

## FRAMLEGG FRÅ STYRET I HORDALAND MÅLLAG TIL LANDSMØTET I NOREGS MÅLLAG 2022:

Desse hadde ordet:

66 Ane Landøy. Innleiing frå Hordaland framlegg

---

*Framlegg til vedtak:*

*Styret i Noregs Mållag rår landsmøtet til å vedta framlegget.*

---

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vedtek framlegget frå Hordaland Mållag.**

---

87 Karl Peder Mork, Sogndal informerte om saksgangen vidare som gjeld fråsegner.

Informasjon frå møteleiar om det sosiale programmet for kvelden.

## SAK 12 Val

Valnemndsleiar Helen Johannessen innleidde til val av styre. Leiar Peder Lofnes Hauge la fram innstillinga på ny valnemnd for 2022–2024 og revisor for 2022 og 2023.

Denne saka inneheld tre vedtakspunkt:

- 14.1 Val av styre
- 14.2 Val av valnemnd
- 14.3 Val av revisor

### 14.1 Val av styre

Møtelyden kom attende frå lunsjpause 14.22

Desse hadde ordet:

Helen Johannessen la fram innstillinga frå valnemnda.

Innstilling frå valnemnda til styre for 2022–2024:

leiar	Peder Lofnes Hauge	attval
nestleiar	Synnøve Marie Sætre	attval
styremedlem	May Britt Jensen	NY
styremedlem	Anders Riise	attval
styremedlem	Inger Johanne Sæterbakk	attval
styremedlem	Kjetil Aasen	attval
styremedlem	Ein representant vald av NMU	

1. vara	Espen Tørset	NY
2. vara	Tove Eidhammer	NY
3. vara	Reidun Ramse Sørensen	attval
4. vara	Bjørn Seljebotn	attval

Ordstyrarbordet presiserer at Tobias Eikeland Christensen blir NMU-representant i styret.

---

Vedtak:

Framlegget til nytt styre var vedteke ved akklamasjon.

---

## 14.2 Val av valnemnd

Desse hadde ordet:

Peder Lofnes Hauge la fram innstillinga til styret.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vel Karl Peder Mork til leiar for valnemnda, med Birgitta Lim Erslund, Øyvind Fenne og Liv Eldegard Talle som faste medlemmer. Varafolk er i nummerert rekkjefylgje Hege Myklebust, Ola Haugen Havrevoll og Hilde Stave.*

---

Ordstyrbordet orienterer om at Jens Håkon Birkeland, med Frida Pernille Mikkelsen som vara, representerer NMU i valnemnda.

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vel Karl Peder Mork til leiar for valnemnda, med Birgitta Lim Erslund, Øyvind Fenne og Liv Eldegard Talle som faste medlemmer. Varafolk er i nummerert rekkjefylgje Hege Myklebust, Ola Haugen Havrevoll og Hilde Stave.**

---

## 14.3 Val av revisor

Ingen hadde ordet.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vel Vekst revisjon til revisor for rekneskapsåra 2022 og 2023.*

---

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vel Vekst revisjon til revisor for rekneskapsåra 2022 og 2023.**

---

Peder Lofnes Hauge takka landsmøtet. Landsmøtet song bursdagssong for Marit Aakre Tennø.

Peder Lofnes Hauge heva landsmøtet klokka 14.43, og møtelyden song Nordmannen.

**Vedlegg 1:** Leiartalen av Peder Lofnes Hauge

Gode landsmøtelyd!

Det er utruleg fint å sjå dykk. Etter to år med pandemi, smittevern, reiserestriksjonar og digitale møte på **Zoom**, og **Whereby** og **Google Meet** og eg veit ikkje kva dei heiter alle, så er sjølv dei mest generiske flyplasshotella på Gardermoen vakre rammer for godt og viktig organisasjonsarbeid. Landsmøtet i Noregs Mållag er den kanskje viktigaste språkpolitiske arenaen i Noreg. Takk for at du

brukar helga di her med oss! Saman er vi mindre aleine!

Då vi ikkje fekk hatt fysisk landsmøte i 2020, sa eg at ingen virus i verda kunne stogge norsk målreising. Det har heller ikkje korona gjort, sjølv om det har prega både livet og arbeidet vårt i over to år. Planlagde aktivitetar og tilskipingar har blitt utsette, avlyste, eller gjort digitale. Det har vore vanskeleg å møtast. Mykje har vore usikkert. Vi har i det store og heile måtta lært oss å drive organisasjonen på ein annan måte enn vi har vore vane med. Digitale møte har blitt ein del av kvardagen; vi har hatt digitale seminar, og jammen fekk vi ikkje til å halde digitalt landsmøte òg. Når vi no endeleg ser ut til å kunne gå tilbake til ein slags normal, så har vi kanskje eitt og anna med oss vidare frå denne tida.

Det vi definitivt har med oss oss vidare frå denne tida, er nye medlemmer. I bøtter og spann. Medlemsveksten i mållaget har dei siste åra vore heilt ellevill, på to år har vi blitt to tusen fleire medlemmer. I fjor landa vi på heile 15.483. Femtentusenfirehundreogåttitre. Det er det høgste medlemstalet vi har hatt sidan 1985. Å melde seg inn i mållaget er for ein trend å rekne. Medlemene har kome til frå heile landet, i by og bygd. Vi har all grunn til å vere stolte av oss sjølve!

Tusen takk til alle dykk som har verva! Verveinnsatsen i lokallaga har vore heilt fenomenal. Sjølv har eg forsøkt å verve så godt eg kan dei siste åra, ja, eg har endåtil laga tre nye medlemmer! Det blir ikkje fleire no, sjølv om eg på eit tidspunkt og i ein svak augneblink leika med tanken på at husstanden berre treng fem medlemmer til for å danne eige lokallag i mållaget og få representasjon på landsmøta. Når eg har vore i permisjon – og når eg skal i permisjon igjen til hausten – er det trygt og godt å ha Synnøve som nestleiar i Noregs Mållag. Ho er ein slags mållagets Ida Wolden Bache – minst like kompetent som mannen som er innstilt til leiarjobben. Men eg er ikkje Stoltenberg. Ikkje har eg tenkt å trekkje meg, og eg har kanskje ikkje særleg til geopolitisk røynsle. Men eg har flinke folk rundt meg, og det er heilt avgjerande for at eg skal kunne jobbe best mogleg for saka – og for organisasjonen.

Med over femten tusen medlemmer i ryggen har vi meir makt bak krava i møte med lokale og nasjonale styresmakter. Eg opplever at dei lyttar til oss. Både fordi dei ser oss som ein profesjonell og moderne organisasjon i vekst, og fordi denne veksten viser at vi representerer ei brei folkerørsle. Ei folkerørsle som kjempar for vilkåra til ein av dei aller største nasjonalskattane vi har: nynorsken.

PASSASJERFLY LETTAR og landar utanfor vindauga våre denne helga. Verda har for alvor byrja å vakne til live att etter to år med korona, men det postpandemiske samfunnet er ingen leik det heller. Kloden kokar, men verda blir kaldare. Det er krig på det europeiske kontinentet. Verda kjem tettare på oss med konflikhtar, kriser og krig. Noreg er ei trygg hamn i uroleg sjø med mørke bølger: Vi ser eit tungt alvor i Europa. Russland har gått til krig mot Ukraina og knuser landet for å okkupere det. Det ukrainske landet kjempar for landet sitt og for sjølve livet. Dei forsvarer seg og kjempar for folkestyret sitt. Kampen for sjølvstyre i Ukraina er også ein kamp for det ukrainske språket. Dette har professor Alexander Motyl ved Rutgers University i USA skrive interessant om:

Russland har i fleire hundre år undertrykt ikkje-russiske språk og tvinga russisk på ulike mindretal. Tsarane såg på polsk, ukrainsk og litausk som den største språklege trugselen. På 1800-talet var ukrainske tekstar gjort ulovleg to gonger. Det var ikkje forbod mot ikkje-russiske språk i Sovjetunionen, men dei bli pressa ut av ulike yrke, skular og offentlegheita. Det var russisk som gjaldt. Fleire russisktalande ukrainarar seier no at dei vil gå over til ukrainsk og insisterer på å endre skrivemåten på byar og landemerke frå russisk til ukrainsk, som når Kiev blir Kyiv. Det er interessant å sjå korleis Putin sin krig mot Ukraina også har ført til ein slags lingvistisk revolusjon som både samlar og redefinerer den ukrainske språklege identiteten han gjerne vil øydeleggje.

Vi er sanneleg privilegerte som lever og kjempar for språket vårt i eit fredeleg land. Det ukrainske folket krigar no for mange av dei verdiane som målrørsla er bygd på og som er sjølvsgde for oss; at alle skal få delta med røysterett og at ein skal kunne ta eigne, frie val. Folkestyret skal velje og byggje

framtida til eit land, med utdanning, språk og eigenart.

Norskdomsrørsla stod i 1905 fremst i kravet om at Noreg måtte frigjere seg frå Sverige og bli ein sjølvstendig nasjon. Delinga av desse to nabolanda opna opp for samarbeid på tvers av grensa mellom Noreg og Sverige, utan at det eine landet stod over det andre.

2022 er frivilligåret, og mållaget er i aller høgste grad ein viktig del av den frivillige sektoren i Noreg. Som organisasjon kan vi bidra ute i lokalsamfunna med å ta godt imot flyktningar. Vi kan bidra. Mange lokallag har mange års røynsle med språkkafear til dømes, og vi har lenge arbeidd for å sikre at nynorskkommunar som tek i mot og buset flyktningar, gjev både vaksne og born god opplæring i nynorsk – slik at dei enklast mogleg kan bli inkluderte som våre nye naboar – frie frå krigens herjingar.

DEN 1. JANUAR i år tredde den nye språklova i kraft. Ho opnar eit nytt kapittel i norsk språkhistorie. For første gong er det lovfesta at **det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk, som det minst bruka av dei to offisielle norsk skriftspråka**. Denne føremålsparagrafen er historisk, og han forpliktar. Han forpliktar styresmaktene, men også oss sjølve.

I eit samfunn som **favoriserer bokmålet**, må språkpolitikken **aktivt favorisere og forskjellsbehandle nynorsken**, heilt til det er like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar.

Dette må også vere eit bakteppe når Noregs Mållag skal skrive nytt arbeidsprogram denne helga.

Med rekordmange medlemer i ryggen kan vi rette ryggen og krevje meir. Det er vi som må definere kvar dei viktigaste slaga for nynorsken står. Vi må auke ambisjonsnivået.

Vi må krevje fleire asymmetriske rettar. Rettar som gjeld berre for nynorsken. Berre slik kan vi rette opp i det skeive tilhøvet mellom nynorsk og bokmål i samfunnet.

Det vi vedtek i dag, må bli offisiell norsk språkpolitikk i morgon.

Det som blir skrive på dette landsmøtet, skal bli lese i stortingssalen og i departementskontora.

Det som blir sagt frå denne talarstolen, skal bli høyrtd rundt Kongens bord.

I innstillinga til nytt arbeidsprogram føreslår vi ei rekkje slike offensive tiltak, som i sum vil gje meir nynorsk til fleire. Eg nemner nokre:

– Det må vere to tredjedels fleirtal i kommunestyre for å endre skulemålet frå nynorsk til bokmål.

– Nynorskelevar i vgs, skal få ekstra konkurransepoeng.

– Dei største byane skal ha fast tilbod om nynorskklasse, utan minstekrav til tal elevar.

– Språkdeltelære bøker i norskfaget skal ha like mykje eller meir nynorsk enn bokmål.

– Både den direkte og den indirekte pressestøtta skal favorisere nynorsk.

– Nye lover skal vedtakast på nynorsk til vi når målet om at 25 % finst på nynorsk.

I arbeidsprogrammet ligg det mykje god politikk som vil styrkje nynorsken.

Er slike særtiltak urimelege? Nei, meiner eg.

Dersom føremålsparagrafen i den nye språklova skal bety noko som helst, er det nettopp slike tiltak som må til. Jamstillinga mellom bokmål og nynorsk er i dag berre formell, ikkje reell. Det er berre gjennom målretta tiltak som fremjar og favoriserer nynorsken, vi kan vege opp for alle dei mindretalsulempene nynorskbrukarane møter i kvardagane sine.

For eit par veker sidan fekk vi ei utmelding frå ei som meinte at “no såg ho altså så mykje nynorsk rundt seg, at no fekk det vere måte på”. Sjølv når vi misser medlemer, raknar det for bokmålet. Men vis meg den kommunen som har **for mykje** nynorsk – og eg lovar deg at mange ville flytta dit – til eit slags nynorskens Bø i Vesterålen. Nei, eg tenkjer vi skal halde fram som vi stemmer og jobbe for meir nynorsk i heile Noreg.



NYNORSKELEVANE er ikkje andrerangselevar, men mange av dei får ei andrerangs lese- og skriveopplæring. Mange lærarar er ikkje kompetente nok, eller kvalifiserte til å undervise i og på nynorsk. I ein skulekvardag som blir meir og meir digital, får nynorskelevane kjenne endå meir på at dei er mindretalsspråkbrukarar når appar, digitale læremiddel, læringsressursar, ja til og med skriveprogram ikkje er på eller forstår nynorsk. At mange av landets 74.179 nynorskelevar i grunnskulen får raude strekar under ord dei skriv rett, er ein regelrett skandale. Mållaget får stadig e-post og telefonar frå fortvila foreldre og elevar som opplever at skulekvardagen i alt for stor grad går føre seg på bokmål – sjølv i tjukkaste nynorskland.

Dette kan ingen ansvarleg kunnskapsminister sitje i ro og sjå på – og første høve til å gjere noko med det er den nye opplæringslova som regjeringa skal sende til Stortinget i løpet av neste år.

Opplæringslova er ei vel så viktig språklov som sjølve språklova. Klasserommet er ein språkpolitisk arena – her blir born nynorskelevar. Men her blir også altfor ofte nynorskelevar bokmålselevar.

Den kanskje viktigaste oppgåva for Noregs Mållag i tida som kjem, er at opplæringslova gjev nynorskelevane ein betre skulekvardag. Ho må ta innover seg at det er vanskelegare å vere nynorskelev enn bokmålselev, og ho må sørge for at det skeive tilhøvet mellom språka blir jamna ut. Vi var tidleg på bana og kravde språkdelte ungdomsskular og ein fullverdig digital skulekvardag for nynorskelevane.

Då Solberg-regjeringa og dåverande kunnskapsminister Guri Melby frå Venstre sende lova på høyring i fjor, gav dei Mållaget og nynorskelevane den største sigeren på nesten femti år. No skal elevane få rett til opplæring på eige språk gjennom heile grunnskulen. Språkdelte ungdomsskular blir ein realitet. Odda-modellen blir ei nasjonal ordning. Det er verkeleg ikkje kvar dag styresmaktene gjev nynorskelevane nye lovfesta rettar. Støre-regjeringa har skrive inn det same i si regjeringsplattform, og det er eit avklart fleirtal for dette på Stortinget. Dette har vi jobba for og venta på lenge. I 2014 inviterte Noregs Mållag til nasjonalt haustseminar i Ungdomshallen i Odda. I ein tradisjonsrik møtesal med utskjeringsar og måleri på veggane og høgt under taket stilte vi spørsmålet: **Kan Odda-modellen bli nasjonal politikk?** Åtte år, fleire landsmøtevedtak og mykje godt politisk arbeid seinare veit vi svaret.

Det mållaget vedtek på landsmøta sine, blir offisiell politikk – um enn inkje alltid så brått.

Når det gjeld den digitale skulekvardagen, viste Solberg-regjeringa vilje og anerkjende problema, men diverre våga dei ikkje gå heile vegen for at det skal vere like lett å vere nynorskelev som bokmålselev i skulen.

Dei held på dagens formulering om digitale læremiddel – og mange av problema kjem til å vere dei same. Det trengst ein ny og strammare definisjon av læremiddel som inkluderer fleire verktøy og ressursar. Smuttholet i lovteksten må tettast, før det sluker nynorskelevane som badar i bokmål.

Solberg-regjeringa ville også gjere noko med mangelen på skriveprogram som stør nynorsk, men også her blei det berre nesten. Atterhaldet om at eit slikt nynorskkrav berre skal gjelde “så langt som råd”, må bort. Alle de i salen som kjenner norsk skulekvardag, veit kor øydeleggjande desse fire orda er: “så langt som råd”. Nasjonale styresmakter må stille dei krava som må til for at multinasjonale selskap faktisk leverer produkt vi kan bruke.

Sidan lova vart send på høyring, har Guri Melby gjeve nøkkelkortet sitt til Tonje Brenna frå Arbeidarpartiet.

Med nøkkelen til Kunnskapsdepartementet sit ho også med nøkkelen til ei opplæringslov som styrkjer nynorsken.

Førre veke var eg i møte med henne i Kunnskapsdepartementet. Det er ikkje tvil om at vi har ein dyktig kunnskapsminister som ser dei særlege utfordringane nynorskelevane møter. Med medlemskapen i mållaget i orden er det heller ikkje tvil om at ho står på vår side.

Tenkje det, ynskje det, ville det med, men gjere det?

KS vil truleg fortelje henne at eit absolutt krav om nynorsk maskinvare vil tyngje ein krevjande kommuneøkonomi.

Finansdepartementet vil truleg fortelje henne at språkdeling i ungdomsskulen er for dyrt – det er press i økonomien, må vite.

Og kanskje vil ein kommunikasjonsrådgjevar i partiet fortelje henne at nynorsk ikkje flyttar dei store veljarmassane.

I dag kjem Tonje Brenna til landsmøtet vårt. Med krafta frå over 15.000 medlemmer og denne møtelyden skal vi sende følgjande bodskap med henne heim:

### **Den nye opplæringslova må styrkje nynorsken.**

Ho må gje nynorskelevane ein betre skulekvardag og ei fullverdig lese- og skriveopplæring. Dei må få rett til opplæring i og på sitt eige språk gjennom heile grunnskulen, og den same retten til og tilgangen på digitale læremiddel og læringsressursar som bokmåselevane har.

#### **Verre er det ikkje.**

Når lova er på plass, må vi passe på at kommunar og fylkeskommunar ikkje trampar på elevane sine språklege rettar. Mellom nyansar av kommunegrått møter nynorsken både bøller og bestevener. Med lov skal landet byggjast, men lovfesta rettar er ikkje verd papiret dei er skrivne på, om dei ikkje blir innfridde fordi skuleeigar gjev blaffen. I fjor var det femti år sidan 30.000 elevar og lærarar streika for retten til nynorske lærebøker i skulen. Vi fekk lovfesting i 1974, men framleis må mange elevar vente på nynorskversjonen av lærebøkene sine. Det kanskje grovaste dømet frå førre skuleår var i Odda, der Vg1 TIF-elevane fekk si siste nynorske lærebok i slutten av mai, berre éi veke før skuleåret var slutt.

NYNORSK ER FINT I DIKT. Men mellom byfolk og bønder finn vi mange nynorske kvardagsheltar. Nynorske kvardagsheltar som banar veg og viser at nynorsk passar til alt slags bruk. Kringsett av det alminnelege bokmålet må dei ta aktive språkval kvar einaste dag.

Byråkraten som skriv e-post til medarbeidarane sine, mora som skriv melding til skulen om at sonen er sjuk, kjøpmannen som reklamerer for tomatar på tilbod, hotellet som forsøker å lokke til seg gjester. Journalisten som skriv nynorsk i avisa, sjølv om resten av redaksjonen skriv bokmål.

Dei er **nynorskfuglar i bokmålsland**, for å bruke orda til Dagsrevy-anker Ingvild Bryn.

Dei flyg mot vindretninga, og vi skal gje dei luft under vengjene.

Dei flyg mot vindretninga og viser at det ikkje er ein einaste ting bokmålet kan brukast til, som ikkje nynorsken kan gjere like bra.

Då tidlegare sjef for Etterretningstenesta i Forsvaret, Generaløytnant Morten Haga Lunde heilt naturleg skreiv rapport om terrorfaren i Noreg, gav han språket vårt autoritet og viser at det er eit minst like godt militærprispråk som bokmål.

Når jusstudent Solveig Brunvoll ved Universitetet i Oslo – som elles er utsending her i helga – held på nynorsken gjennom studiet og krev respekt for språket sitt, viser ho at nynorsk er eit minst like godt jusspråk som bokmål.

Når biskop Kari Veiteberg brukar nynorsk i Oslo bispedøme, når ho ut til menneske både i djup sorg, tvil og i strålende glede. Ho set ord på viktige kjensler og hendingar i livet. Ho gjer trua nærare for dei som trur, og meir levande for dei som ikkje trur. Og ho viser at nynorsk er eit minst like godt kyrkjespråk som bokmålet.

Når NRK sin europakorrespondent Roger Sevrin Bruland dekkjer kriser og katastrofar, viser han at nynorsk er eit minst like godt pressespråk som bokmål. Han har rapportert om koronaviruset i to år, og før vi andre fekk trekt pusten, stod han midt i ein krig på det europeiske kontinentet. For å formidle sannferdige skildringar av det som skjer. Snakk om å ta nynorsken ut i verda og heim igjen til heile Noreg.

**Noregs Mållag** har kome ut på den andre sida av pandemien som ein større og sterkare organisasjon. Vidare vekst og vinning skal kome med oss. Alle vi som er her, står på skuldrene til kvinner og menn som har stridd for målsaka før oss. Sidan førre landsmøte har mållaget rokke å bli 115 år.

Den femte februar i 1906 hadde målfolk frå heile landet samla seg for å einast om det politiske hovudkravet til landsmøtet i Venstre dagen etter. I invitasjonen til dette målmannastemnet var ikkje stiftinga av Noregs Mållag nemnd med eit ord. Men i halv to-tida på natta eskalerte møtet, slik det fort kan gjere på nachspiel i Venstre, og Noregs Mållag vart skipa! Det fanst allereie fleire lokale mållag rundt om i Noreg, og fleire leiande strategar i Oslo meinte at ein ikkje trong nokon nasjonal organisasjon.

Men i Bergen tenkte Johannes Lavik annleis om saka. Han var redaksjonssekretær i Bergens Tidende og aktiv i Vestmannalaget. Han meinte målsaka var ei nasjonal sak, og at det var på høg tid å skipe eit Noregs Mållag. Han hadde vore heilt avgjerande då departementet godkjende den fyrste eksamenen på landsmål, skriven i Bergen fem år før, og det blir sagt at han på veg over fjellet til Oslo kladda dei fyrste vedtektene for Noregs Mållag.

Han og andre må verkeleg ha kveikt målflokken den kvelden. Ut på natta skal lyset ha gått. Då reiste diktarpresten Anders Hovden seg og ropte "Men me har ljøs innvertes!" og deretter song forsamlinga Nordmannen som har blitt sunge på kvart landsmøte sidan – sjølv det siste digitale landsmøtet for to år sidan.

Også dette landsmøtet har sunge Nordmannen i helga. Vi har ljøs innvertes, og framtida for nynorsken er lys.  
Takk for merksemda!

#### **Vedlegg:**

#### **Ungdomens tale ved Frida Pernille Mikkelsen, leiar i Norsk Målungdom og styremedlem**

#### **Gode landsmøte, Noregs Mållag!**

Ja, no går vi frå ein nordfjording over til ein sunnfjording. (Sånn det skal vere)

Å vere ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag er litt av ei oppgåve... Neida, det er stort sett veldig stas. Men å vere ein ungdomsorganisasjon er ein del annleis enn å vere ein "vaksen" organisasjon, som vi kallar det. Ein møter andre utfordringar og har ganske annleis arbeidstilhøve. Men mykje blir lettare i det ein har ein moderorganisasjon som støttar og lyttar, men også tek ein med, og høyrer etter. Og det har de gjort godt, og det håpar eg ein held fram med. Det er saman vi når fram.

I desse tider er det ekstra stas. Sjeldan har vel Noregs Mållag vore så høgt opp. Målungdommane har vore (og skal vere) ein liten pirk. Vi har jo veldig friske haud. Men det er jo deileg å kunne kjenne på at ein også er ein del av ein organisasjon med vind i segla.

Og litt vind i segla ønskjer vi i målungdommen oss no også. Etter så å seie to år med pandemi, og ein veldig annleis kvardag for ungdom, merkar ein forskjell.

Livet går utruleg fort når ein er ung. To år med nedskalert aktivitet betyr at vi ikkje berre har mista ein generasjon med målungdommar, men langt fleire. Det synst godt i organisasjonen vår i dag, og det kjem til å kome til syne framover også. Det er møteplassane til målungdommen som skapar målungdommar.

Ei trøyst er at ungdomsorganisasjonar over heile lina opplever det same. Men det er ikkje så mykje hjelp i det. Framover må vi brette opp erma, og arbeide hardt for å bygge opp igjen og legge til rette for at desse målungdommane finn saka. For vi veit jo at dei som regel også blir verande her... heile livet.

For to helger sidan samla vi endeleg målungdom til landsmøte i Bergen. Og oppe ved talarstolen hang banneret som har vore med NMU i fleire år  
framtida er nynorsk, nynorsk er framtida.

Dette er budskapen som vi tar med oss, også inn i dette landsmøte. Mållaget må vere organisasjon som stakar ut framtida. Ei nynorsk framtid. Og det skal vi verkeleg gjere her i helga.

For 25 år sidan vart eg fødd, ein anna ting som fekk liv var prinsippprogrammet som til no har lagt grunnlaget for arbeidet i Noregs Mållag. Det er eit heilt liv for meg, og det kjennest stort å sette mål for eit heilt liv.... Dei må vere sabla gode.

Tufta til Norsk Målungdom startar med at: vi arbeider for at alle i Noreg skal ha høve og rett til å skrive nynorsk.

Fordi målrørsla er ikkje bruken av nynorsk, rørsla er folka som elsker nynorsk, som vil skrive språket vårt og vere språket vårt. Vi er brukarane.

Språket er personleg, det tilhøyrer kvar ein av oss. Også skapar vi noko saman i det vi møter kvarandre i språket. Det er jo på sett og vis noko egoistiske i å kjempe for sitt eige språk, men så kjenner eg også at det ikkje er det. For det handlar jo om å gi fleire denne opplevinga og dei moglegheitene som ligg i det. Nynorsk er ein nasjonalskatt, men ikkje ein skatt ein skal låse ned i ei kiste, denne skatten skal vi dele ut.

Språket er grunnlaget. Verkemiddelet er bruken. Eit samfunn der nynorsk er i bruk er verktøyet som gjer at ein kan vere nynorskbrukar fullt ut. Det må prinsippprogrammet seie. Vi arbeider for språket og brukarane!

Og dei brukarane finn vi over alt. Nynorsk er knytt til eit område, og det område er Noreg. Det var grunnlaget Aasen la, og det er grunnlaget Norsk Målungdom og Noregs Mållag bør jobbe etter. Eg står her som avtroppande leiar av NMU, ei jente frå Førde, påtroppande leiar sit der baki salen her og heiter Tobias Eikeland. Han kjem frå Søndre Nordstrand i Oslo. Nynorsk finn ein overalt, og vi arbeider for dei alle.

På same måte som at nynorskbrukarar finst i alle formar. Vi kan ikkje og skal ikkje snevre inn.

Eg tenkjer at vi i NMU stakar litt veg. Som nynorskbrukarar er vi eit mindretal. Vi kjempar oss fram, mot fleirtalet i bokmålet. Krava vi kjem med og politikken vi ynskjer oss handlar ofte om dette. Tiltaka som må til for at Noreg faktisk tek ansvaret for det mindretalet.

Og vi oppdagar kvar dag kor lik denne kampen er eit kvart anna mindretal sin kamp. Korleis mekanismane fungerer på same vis, og utfordringane ofte liknar kvarandre. Difor er det einaste som gir meining for oss å også stå saman med andre. Sjå korleis deira kamp liknar vår, og å sjå at i å støtte andre, snevrar ein ikkje inn rommet.. men vi lagar det større.

Blant anna heisar vi regnbogeflagg, sameflagg, kvensk flagg og lærer oss teiknspråk. Vi lærer av andre, og lærer vekk.

Det er jo det som er så fint med nynorsk. Sjølv om saka er spesifikk, så følgjer språket oss alltid. Og det gjer arbeidet vårt uendeleg stort.

Så skal vi lage nokre rammer, men med eit Mållag i full fart oppover, er ikkje dette tida for å snevre inn rammene og skalere ned måla. No skal vi sjå framover, og.... framtida er nynorsk, og nynorsk er framtida.

Takk for meg.

Vedlegg: Vedtekne fråsegner

### **1 På høg tid med nynorsk i Visit Norway**

Nettsida Visit Norway er den offisielle reiseguiden som Innovasjon Noreg har utvikla på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet. Visit Norway er ei storsatsing som skal gjere det enkelt å reise i Noreg, og inneheld tusenvis av oppføringar frå lokale reiseverksemder. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner departementet må stille språkkrav i tråd med språklova, og auke nynorskdelen på heimesidene til Visit Norway.

Reiselivssatsinga Visit Norway er betalt av staten, og det er svært påfallande at det ikkje er redaksjonelt innhald på nynorsk. Nynorsk finn du fyrst når du har klikka deg inn på enkelte reiselivsverksemder som presenterer seg på nynorsk. Alle veit at nynorskområda er svært attraktive og populære reisemål. La difor denne reisa også bli ei språkleg reise i Noreg.

Føremålet med den nye språklova er nettopp å fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk. Dette oppdraget har heile staten, og no er det på tide at Nærings- og fiskeridepartementet tek språkleg ansvar og gjev Innovasjon Noreg og Visit Norway eit nynorskoppdrag.

Nettsida til Visit Norway bør fordele teksten mellom nynorsk og bokmål, og alle annonsane i avisene og TV som blir betalt av oss alle, bør ha same språkdelinga.

### **2 Det må løne seg å skrive norsk i akademisk**

Norsk språk er under press i akademisk, og særleg nynorsk. Nedgangen i bruken av norsk i akademisk er dramatisk. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner dette er ein situasjon som må takast på alvor, og at det blir sett i verk tiltak for å snu utviklinga. Onsdag 30. mars kom ekspertgruppa for akademisk ytringsfrihet med sin NOU *Akademisk ytringsfrihet - God ytringskultur må bygges*

*nedenfra, hver dag.* Utgreiinga tek opp at kunnskapsformidling er viktig, og at denne må skje på det norske fellesspråket. Noregs Mållag er svært glad ofr at utvalet slik ser på bruken av norsk språk som ein viktig del av den akademiske ytringsfridomen.

Fleire rapportar syner at engelsk i aukande grad blir brukt både i pensumlitteratur, i undervisning og i vitenskapleg arbeid. Skal norsk vere samfunnsberande språk, er det viktig at det finst fagspråk og terminologi for alle område. Universitets- og høgskulesektoren har eit særleg ansvar for å utvikle dette, slik det går fram av universitets- og høgskulelova. Det er difor gledeleg at utvalet føreslår at Kunnskapsdepartementet forskriftsfestar krav om norsk samandrag i doktorgradsavhandlingar, og at utvalet slår fast at institusjonane må bidra til utvikling av fagterminologi.

Sidan det i vitenskapleg arbeid vert publisert mest på engelsk er det i forskingsformidling og læremiddelutvikling terminologiutviklinga skjer. Men i dag er det få insentiv for å drive slikt arbeid, og såleis vert terminologi- og fagspråksarbeid nedprioritert. Dette skadar norsk språk, både bokmål og nynorsk.

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling gav i 2021 ut rapporten: «Språkstrategiar i høgare utdanning». Her er deira klare tilråding at det nasjonalt bør bli oppretta ei insentivordning som sikrar arbeidet med norsk fagspråk og terminologi. Skrivning av læremiddel, leksikonartiklar, tidsskriftartiklar o.l. bør bli premiært og prioritert. Dette kan til dømes leggjast inn i ei meritteringsordning for god undervisning og gode førelesarar. Dette er forslag Noregs Mållag sluttar seg til. Utvalet vil ikkje gå så langt, men meiner tilsette må få tid til å skrive leksikonartiklar og lærebøker. Difor meiner me at Kunnskapsdepartementet må få på plass ei slik ordning. Me må sikre norsk fagspråk og gje vitenskapleg tilsette insentiv til å drive fram arbeidet med dette.

### **3 Nynorskelevane må sikrast digitale læremiddel på nynorsk**

Ei ny opplæringslov må vere klokkeklar i kravet til både norske læremiddelprodusentar og internasjonale selskap. For å bli brukt i norsk skule må produktet liggje føre på norsk, både på nynorsk og på bokmål til same pris og same tid.

Landsmøtet i Noregs Mållag bed kunnskapsministeren om å sikre nynorskelevane like god tilgang på digitale læremiddel, læringsverktøy og kontorstøtteprogram som bokmålslevane har. Den digitale kvardagen fyller klasseromma til nynorskelevane med bokmålslæremiddel, og gjev dei ei dårlegare lese- og skriveopplæring.

I dag er ansvaret for å handheve lova skuva over på tusenvis rektorar og titusenvis lærarar. Dette er ei statleg ansvarsfråskrivning, og nynorskelevane betaler prisen. Staten lyt ta ansvar for å handheve opplæringslova.

For å sikre dette må

- definisjonane av kva eit læremiddel er, femne breiare
- digitale læremiddel kome til same tid og pris på nynorsk og bokmål
- kontorstøtteprogram som blir brukt i skulen, liggje føre på både nynorsk og bokmål
- eit statleg organ handheve lova
- det opprettast eit statleg register med oversyn over kva læremiddel som er lovleg
- nye reformer og planar ikkje bli sette i verk før det er gått eit skuleår

#### **4 Nynorsk i barnehagelærerutdanninga**

Det skal vere ein samanheng mellom barnehage og barneskole.

Tidleg innsats i språkopplæringa styrkar språkutvikling, evne til å uttrykke seg sjølv og er med på å etablere ein felles identitet. I dag gir ikkje barnehagelærerutdanninga studentane kompetanse og kunnskap om korleis dei skal førebu borna og foreldra deira på at borna skal bli nynorskelevar. Dette skaper ekstra pedagogiske og språkpolitiske utfordringar for lærarane, foreldra og kommunane

Landsmøtet i Noregs Mållag krev at departementet tek inn i rammeplanen for barnehagelærerutdanninga at utdanninga skal gjere barnehagelærarane til gode nynorskpedagogar, og såleis sikre ein god overgang frå barnehage til skole.

#### **5**

Noregs Mållag, samla til landsmøte 1.–3. april 2022, stør det ukrainske folket i kampen for sjølvstende, fred og fridom. Noregs Mållag krev at Russland avsluttar krigføringa og trekkjer dei væpna styrkane sine attende til internasjonalt anerkjende grenser.